

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

Nr. 2 • 2016 21. årgang





Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Ordføraren helsar velkommen til Luster, og ynskjer både arrangørar, deltararar og publikum lukke til med flotte festivaldagar.

Ordføraren har ordet

I dette julenummeret av Lustranytt hadde eg eigentleg bestemt meg for å ikkje skrive eitt ord om alle dei sokala utfordringane me no står framom. Slik som kommunøkonomi og egedomskatt på kraftverk. Den illgjetne kommunereforma som skal løyse alle sorger og suter, og ikkje minst regionreforma, som viss Sponheim'en får det som han vil, vert alt her i trivselsfylket trygt plassert rundt Bryggen i byn. Lensmannskontoret som vert røska i frå oss, og at det som vert kalla nærpolitiet no skal bli flytta langt vekk frå der folk bur.

Eg ville helst berre skrive om den gode veka i august, rett og slett dagane frå 3. – 7. august, nemleg Landsfestivalveka. Men når eg sit og skriv i denne juleutgåva av Lustranytt, er det berre få dagar sidan me fekk melding om at Luster kommune får 12 millionar kroner mindre i egedomskatteinntekter på kraftverka i kommunen. Difor er det vanskeleg å ikkje komme innom denne aktuelle saka no. Korkje politikarar eller administrasjonen er komne heilt utatt or sjokket. Me har skjøna ei tid at det ville verte reduksjon, men ingen trudde det ville bli så katastrofalt som dette. Luster er mellom dei 2 - 3 kommunane i landet som er hardast råka. Det verste er at det ser ikkje ut som det skal bli betre dei neste åra heller. Dette kjem i tillegg til kraftig reduksjon på overskotet av konsesjonskraftsalet. I 2010 hadde kommunen eit overskot på 20,4 million kroner på sal av konsesjonskraft. I 2015 var dette overskotet berre 3,6 million kroner grunna langt lågare kraftprisar. I skrivande stund får me rett nok melding om litt betre utsikter, høgre prisar, men det er uansett stor inntekts svikt.

Dessverre råkar også endringane i inntektssystemet oss med ein større nedgang dei kommande åra på 3-4 million kroner.

Det klåre svaret slik stoda er no er at kommunestyret må hente inn 20 millionar i den kommunale drifta dei kommande 4 åra.

Eg som ordførar vil gjere det eg kan for at me skal få ein så god prosess som mogeleg i budsjett- og økonomiplanarbeidet i åra framover. For meg er det viktig at

brukarar, lag og organisasjonar, bygder og grender, tilsette og politikarar får så god informasjon og medverknad som mogeleg. Men at kommunestyret no må bu seg på vanskelege og upopulære vedtak kjem me ikkje unna. Sjølv om eg akkurat no er prega av «sjokket» er det ikkje tvil om at situasjonen er krevjande.

Men attende til det eg eigentleg hadde tenkt å skriva om. Det vil seie: Eg må byrje med byrjinga. For vel eit år i førevegen kom han Arve Bjørn innom ordførarkontoret ein kjapp snue. Då kunne han opplyse i litt løyndom at staden for neste Landsfestival i gammaldansmusikk låg an til å lande i Luster. Det var ikkje endeleg offisielt, så me måtte vente nokre veker på den offisielle kunngjeringa. Den 26. januar i 2015 vart det endeleg kunngjort at Luster kommune vart staden for å arrangere Landsfestivalen for gammaldansmusikk, med Jostedal spel- og dansarlag og Gamlebanken spelemannslag som arrangørar.

Om lag 900 deltararar og over 2500 besökjande kom denne veka. Eg var så heldig å få vere med på nokre av informasjons- og planleggingsmøta som festivalkomiteen hadde med oss i kommunen, og eg vil takka for den svært gode informasjonen me fekk undervegs.

Å arrangere Landsfestivalen i gammaldansmusikk er ei stor oppgåve. Det skal riggast campingplassar for fleire hundre vogner og bobilane. Det skal byggast scener og dansegolv, og ikkje minst var det trong for eit stort apparat for servering av mat og drikke. Praktisk talt vart heile Gaupnebygdi teken i bruk. Heile 500 personar var involvert i denne store dugnaden. Det er ikkje anna enn mektig imponerande!

Gaupne må vere den perfekte staden for slike arrangement. Alle fasilitetar ligg med nokre få minuttars gang imellom. Parken, skulane, idrettshallen, Pyramiden og Lustrabadet, og med tilrettelagde campingplassar heilt innåt, må det seiast å vere den ideelle festivallokalitetten.

Over alt der eg gjekk denne festivalveka trefta eg blide og stornøgde deltararar og besökande. Mange av dei eg kom i prat med, folk frå nordland, austlandet og vestlandet uttalde at dette var den flottaste og kjekkaste festivalen dei hadde vore på. Arrangørane og den store dugnadsgjengen fekk velfortent ros for eit framifrå arbeid!

Rådmannen har ordet

I desse reformtider...

Kommunereforma

På kommunestyremøtet den 22. september fekk politikarane ein gjennomgang av fleire av dei store reformene som pågår i kongeriket. Fylkesmann Anne Karin Hamre gjekk først gjennom kommunereforma og status for denne. Dette var nokre dagar før Fylkesmannen kom med si tilråding til Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) om kommunereforma og framlegg til justeringar i S og Fj. Fylkesmannen skulle komme med si vurdering på bakgrunn av m.a. slike føringar:

«Fylkesmannen skal på selvstendig grunnlag gjøre en vurdering av de samlede kommunestyrevedtakene der det legges vekt på helheten i regionen og fylket, og gi råd om framtidig kommunestruktur. Tilrådning må baseres på de lokale prosessene, målene for reformen og kriteriene for en god kommunestruktur.»

Luster framleis eigen kommune

Fylkesmannen respekterte som kjent i sitt fram-

Frå opningsarrangementet i Parken med ein times direktesending på NRK Sogn og Fjordane, gjennom heile festivalveka til meisterkonserten søndagen i idrettshallen, var det ein svært stolt og glad ordførar som var så heldig å få oppleve at Luster kommune og Gaupne kunne ha denne store Landsfestivalen nettopp her.

Så eg vil her på vegne av alle oss lusteringar takke alle som gjorde dette mogeleg. Eg veit det ligg enormt mykje arbeid bak. Eg vil også takke heile den fantastiske dugnadsgjengen som stod på natt og dag for å dette skulle gå prakkfritt slik det gjorde.

Tusen takk alle saman. Det var ei fantastisk flott veke.

Til slutt vil eg ynskje alle lusteringar i inn og utland ei riktig god og fredfull jul, og eit retteleg godt nyttår!

Ivar Kvalen
- ordførar



Rådmann Jarle Skartun.

legg til KMD Luster kommunestyre sitt vedtak om ikkje å slå seg saman med andre kommunar. Fylkesmannen kommenterte og i si innleiing til kommunestyret at Luster kommune er ein veldriv- en kommune, med god økonomi og med orden i sakene sine. Desse argumenta er nok saman med dei store avstandane i Luster hovudargumentet for at Fylkesmannen ikkje tilrådde samanslåing med andre kommunar no. Ho antyda, og har i tilrådinga si peika på at det seinare bør vurderast nærmare om Luster skal inngå i ein større kommune i Sogn.

Fylkesmannsembata i heile landet har komme med sine tilrådingar, og framover vinteren vil Regjeringa arbeide med framlegg til det endelige kommunekartet. Det er ei sak som skal vedtakast i Stortinget i vårsesjonen 2017. Dei nye kommunane skal så velje nytt kommunestyre ved kommunevallet september 2019 og vere operative einingar frå 1.1.2020.

Fylkesmannsreforma

Hamre gav og orientering om reforma av Fylkesmannsembata. Den vidare gangen med reforma vert no slik: Før jul kjem tilråding frå KMD til politisk leiing, vinteren/våren 2017 tek Regjeringa avgjer i saka og innan 31.12.2018 vert reforma sett i verk. Organisering av Fylkesmannsembata er ikkje ei sak for Stortinget, her tek Regjeringa endleg avgjer. Grunnlaget for framtidig organisering og lokalisering har slike føringar:



«Valg av lokalisering bør gjøres ut fra prinsipielle vurderinger og funksjonelle behov og i tråd med Retningslinjer for lokalisering av statlige arbeidsplasser og statlig tjenesteproduksjon».

«Det understrekkes at lokaliseringssbeslutninger i størst mulig grad må ha som utgangspunkt at embetet skal være en integrert organisatorisk enhet med felles lokalisering».

Ut frå føringar og endringar i organisering av andre statlege tenester, eksempelvis politireforma og også regionreforma, det regionale folkevalde nivået, er det sannsynleg at resultatet vert samanslåing av embete.

Fylkeskommunereforma

Ole Inge Gjerald frå S. og Fj. Fylkeskommune orienterte om arbeidet med å komme fram til ein intensjonsplan for samanslåing av dei tre fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Denne intensjonsplanen er i skrivande stund ute på høyring og skal opp til handsaming i Fylkestinga i dei tre fylka før jul. Kronologien i dette arbeidet har vore og er:

KMD inviterte til at fylkeskommunane bør starte naboprat sommaren 2015.

Stortinget handsama Stortingsmelding 22(2015-16) om regionreforma i juni 2016 og eit fleirtal peika på at det skal vere

om lag 10 regionar i framtida. Sommar/haust 2016 vart det arbeidd med: Kven ønskjer å slå seg saman? Intensjonsplanen vart så forhandla fram.

Vedtak i fylkestinga innan 01.12.2016.

Stortingsproposisjon og stortingsvedtak våren 2017, nytt «kart» over regionane i Noreg skal teiknast.

Fylkeskommunane førebur gjennomføring i perioden 2017-20. Val av nye regionar hausten 2019 og dei nye regionane operative frå 1.1.2020.

I intensjonsplanen for Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland som no er på høyring heiter det mellom anna:

«I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busettingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen».

«Vestlandsregionen skal gjenom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre».

«Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion».

Fylkesmann Anne Karin Hamre og Ole Inge Gjerald frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i kommunestyret 22. september.

Kva kan alle dei store reformene bety for Sogn?

I byregionprosjektet som kommunane Leikanger, Luster og Sogndal samarbeider om har det vore fokus på kva alle dei store reformene i offentleg forvaltning på ulike nivå får å seie for oss i Sogn. Sogn har mange offentlege arbeidsplassar (både fylkeskommunale og statlege) og på mange vis er dette hjørnestensbedrifter i Sogn. Det har såleis vore eit arbeid som konsulentelskapet BDO har gjennomført på oppdrag for Byregionprosjektet i Sogn, som har sett på ulike konsekvensar av reformene. På kommunestyremøtet den 22.9. orienterte næringssjef Olav Grov om nokre av funna. Konklusjonane til BDO er m.a. slik:

Det er gjennomført vurderingar av ulike scenario knytt til flytting av offentlege oppgåver som fylgje av ulike reformer og utviklingstrekk som kan påverke kommunane i ulike grad :

Scenario 1 – oppgåver blir flytta ut av Sogn og Fjordane.

Scenario 2 – oppgåver blir flytta til Sogn og Fjordane.

Scenario 3 - balansert utvikling.

Våre analysar viser at i scenario 1 er over 570 arbeidsplassar utsatt på lang sikt fram mot 2025 gjennom direkte - og indirekte verknader. Konsekvensane av ei eventuell fylkessamanslåing og regionalisering dersom arbeidsplassar blir flytta ut vil kunne ha direkte konsekvens på lang sikt fram mot 2025 for 299 arbeidsplassar gjennom Fylkeskommunen (156), Fylkesmann (113) og NAV Fylke (30). Det er pågående forhandlingar med Hordaland og Rogaland om



Ingmar Norberg
frå Jostedal er ny representant i Høgre si kommunestyregruppe etter at Stine Sandvik har flytta frå kommunen.

framtidig organisering av fylkeskommunane i ein ny region. Resultatet av desse forhandlingane vil vere avgjerande for kor mange som blir påverka og kva områdel funksjonar ein vil kunne behalde lokalt. Det er grunn til å tru at Fylkesmann og NAV Fylke si organisering vil fylgje organisering av fylkeskommunane.

Høgskulereforma med vedteken fusjon av Høgskulen i Sogn og Fjordane med Høgskulen i Bergen og Høgskulen Stord/ Haugesund vil medføre at sentraladministrasjon i Sogndal med 84 tilsette vil vere utsett. Det er vedteke at rektor skal sitte i Bergen. Samtidig har det vore forhandlingar om framtidig organisering av Studentsamskipnaden (SISOF) som ynskjer å behalde lokal leiing og mynde for å sikre lokal utvikling og fleksibilitet. Det vil i tillegg kunne bli reduksjon ved Skatteopplysninga (SOL) 42 arbeidsplassar, som vi trur på lang sikt vil vere utsett for auka digitalisering/automatisering.

Dei direkte verknadane på totalt 425 arbeidsplassar i Leikanger, Sogndal og

Luster vil medføre indirekte verknader gjennom endring i etterspurnad til konsum og underleveransar. Dette er berekna til 153 arbeidsplassar i arbeidsmarknadsregionen Indre Sogn med hovudeffekt i dei 3 kommunane. Dersom desse arbeidsplassane blir flytta ut av Leikanger og Sogndal kan følgjene i dei 3 kommunane og regionen bli eit tap i folketal på 867 personar. Dette vil avhenge av korleis den enkelte arbeidstakar tilpassar seg til flytting, pendling og arbeidsløyse.

Det er vanskeleg å sjå noko anna enn at dei mange reformene er sentraliserande og representerer fleire truslar enn moglegheiter for regionen vår. Det er å håpe at det er mogleg å få til ei utvikling med sterke innslag av både - scenario 2 , tilflytting av oppgåver, og scenario 3, balansert utvikling- i gjennomføring av reformene.

Jarle Skartun
Jarle Skartun
rådmann

Folketals-utviklinga

Fyrste kvartalet i 2016 auka folketalet i Luster med 5 personar. Det vart fødd 11 personar og 11 personar døydde. Det flytte 33 personar til kommunen og det flytte ut 28. Andre kvartal i 2016 auka folketalet i Luster med 22 personar. 11 personar vart fødde og 11 personar døydde. Det var 51 som flytte inn i kommunen og 29 som flytte ut. Det gav då ein folkevekst på 22 personar. Folketalet pr 1.7.2016 var 5120.

Folketal	pr. 01/01-00:	5003
Folketal	pr. 01/01-01:	4954
Folketal	pr. 01/01-02:	4968
Folketal	pr. 01/01-03:	4924
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 01/01-14:	5089
Folketal	pr. 01/01-15:	5118
Folketal	pr. 01/04-15:	5097
Folketal	pr. 01/07-15:	5095
Folketal	pr. 01/10-15:	5071
Folketal	pr. 01/01-16	5093
Folketal	pr. 01/04-16	5098
Folketal	pr. 01/07-16	5120

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.

NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.

NYE LUSTRINGAR

Ole Schanke Eikum og familien

Fortel litt om dykk sjølve?

Vi er ein liten familie på tre; Wenche, Ole og Marte. Eg er eigentleg frå Eikjastrondi, men det er 25 år sidan eg flytte ut for å ta utdanning og arbeid. Wenche er ifrå Nautvik i Volda kommune på Sunnmøre. Ho er nok kjent som radio-stemma frå NRK Sogn og Fjordane frå 90-talet. Marte er 2007-modell og har teke til i 4. klasse på Gaupne barneskule.

Kvifor flytte de til Luster?

Eg hadde eit engasjement for Innovasjon Norge i Indonesia. Vi var storfornøgte med å få bu og jobbe i eit totalt annleis miljø som Jakarta i 4 år, men vi peila oss tilbake til Norge etter avslutta engasjement hos Innovasjon Norge. Eg var heldig og fekk meg jobb hos Statkraft Region Midt- Norge, og no har Wenche teke til som journalist i eit vikariat hos Sogn Avis. At vi kom nærmare familien var også eit argument for å velje Luster.



Kva er det beste med å bu i Luster?

Vi er glade for å vere tilbake på Vestlandet, det er her vi begge har vår identitet og røter. Og ikkje minst er det kjekt at Marte også kan få vekse opp i eit trygt og godt lokalmiljø, som vi foreldre kjenner oss att i. Til forskjell frå Jakarta, kan Marte fritt få sykle rundt til veninner og aktivitetar i Gaupne – og vi ser kor verdifullt dette er på alle måtar. Her har vi også rein luft og reint vatn, og naturen rett utanfor dørstokken. Men heilt grunnleggande for å flytte til

Luster er gode og spennande arbeidsplassar for oss begge.

Kva kan Luster bli betre på?

Det er ein bra stor overgang frå millionbyen Jakarta som er open omrent 24 timer i døgnet veka rundt, og til Gaupne. Tidvis saknar vi tilboda i storbyen, men dette er ein del av tilpassinga vi må gjere som følgje av vala våre. Vi er enno ganske ferske som nye lusteringar, og er enno i utforskningsfasen. Kanskje har vi sterkare syn på kva Luster kan bli betre på etter kvart!?

Resultat TV-aksjonen 2016

Luster kommune var i år på 7. plass i fylket og 117. plass på landsbasis. I gjennomsnitt ga Luster 58 kroner pr. innbyggjar.

Takk til alle som gav!



23. OKTOBER 2016

Røde Kors
TV-AKSJONEN **NRK**

**SAMMEN FÅR VI
HJELPEN HELT FREM**

Ania, Piotr, Emanuel, Kamil, Filip og katten Gaya

Fortel litt om dykk sjølve?

We are 5-person family from Poland. We live in Kroken with a cat Gaya. We love sailing, walking in the mountains, woods, climbing and fishing. (Me er ein familie på 5 frå Polen. Me bur i Kroken med ein katt som heiter Gaya. Me elskar å segle, gå tur i fjellet, i skogen, klatre og fiske.)

Kvifor flytte du til Luster?

We love nature, so Luster is excellent choice for us. (Me elskar naturen, så Luster er eit supert val for oss.)

Kva er det beste med å bu i Luster?

Fresh air, beautiful views, animals, water, peace and quiet.
(Frisk luft, nydeleg utsikt, dyr, vatn, stille og roleg.)

Kva kan Luster bli betre på?

Better access to network on this side of the fjord.
More frequent ferries in wintertime on the route Urnes - Solvorn. (Betre tilgang til nettverket på denne sida av fjorden. Oftare ferjeavgangar om vinteren på Urnes - Solvorn ferja.)



Ania og Piotr.

Familien. Frå venstre: Emanuel, Filip, Kamil og Ania.



Digital postkasse: sikrare, raskare og meir miljøvenleg

Difi har i haust sendt ut oppmading til innbyggjarane om å opprette digital postkasse for å kunne ta imot posten sin på sikker måte.

Skatteoppgjer, vedtaksbrev, helseopplysninigar og anna sensitiv informasjon kan ikkje sendast i vanleg epost.

Med ei digital postkasse kan du samle posten din frå det offentlege sikkert på ein stad, og du kan lagre den så lenge du ønskjer.

Slik lagar du deg digital postkasse:

1. Gå til norge.no og vel digital postkasse
2. Vel anten Posten sin Digipost eller e-Boks
3. Føl instruksjonen for å opprette postkassa

Du finn nyttig informasjon inne på norge.no om den digitale postkassa.

NORGE
.NO

Veiviser til
offentlige tjenester
på nett

Om Norge.no | Dein Norge | Nyheter | English

Søk SØK

Finn tjeneste Livssituasjoner Digital postkasse

9. novembær 2016
Har du fått brev om å opprette digital postkasse?
Velg digital postkasse

Digital postkasse

Velg digital postkasse
Du kan velge mellom Digipost og e-Boks

Oppdater kontaktinformasjon
Rett mobilnummer og e-postadresse

Elektronisk ID
Innlogging til offentlige tjenester på nett

Utklipp frå nettsida til norge.no om digital postkasse.

Felles satsingsområde barnehage og skule 2016/17

Barnehagane og skulane i Luster driv aktivt utviklingsarbeid på fleire fagområde. Det overordna målet med utviklingsarbeida er å skapa betre kvalitet i opplæringa og ein betre kultur for læring i kollegia.

Kvar barnehage og skule i Luster har sin eigen utviklingsplan der dei har meisla ut kva område dei ønskjer å forbetra seg på i løpet av barnehage- og skuleåret. Barnehagane har eit par felles satsingsområde, og det same har skulane. Satsinga på språk er overlappande og felles både stader.

Språkutvikling og tidleg innsats

Den faglege hovudsatsinga i barnehagane dette og komande år er språk og språkutvikling. I dette ligg det både at dei tilsette tileignar seg meir kunnskap om korleis barn lærer språk, at dei vaksne i barnehagen vert meir medvitne om korleis dei kan støtta barna i språkutviklinga gjennom konkrete metodar, og at det generelt vert arbeidd breitt med å skapa eit språkstimulerande miljø i barnehagane.

I fjor deltok barnehagane i lokalt fagnettverk saman med lærarar på 1.-2. trinn om den første leseopplæringa med kurshaldarar frå Statped. I tillegg vart det gjennomført ein felles fagkveld for alle barnehagetilsette om metoden dialogisk lesing. Det er også etablert kombinerte barnehage- og skulebibliotek, såkalla oppvekstbibliotek på oppvekstsentrar, og i alle barnehagane kan barna låna med seg bøker heim.

Dette året har også vore variert



I forlenging av ungdomsstegsatsinga har det denne hausten vore halde lokalt fagnettverk i skriving i naturfag og matematikk. Fagnettverket vart leia av Gunn Beate T. Lefdal (t.v.) (kommunal ressurslærar ungdomsstegsatsinga), Inger Marie Evjestad (utviklingsrettleiar i Sogn) og Vibeke Viem (Høgskulen i Sogn og Fjordane).

når det gjeld fagleg inspirasjon kring språkarbeidet i barnehagen, til dømes kurs i song, rørslelek og musikk i barnehagen, kursrekke om den lokale songskatten (Toneskrinet), kurs om korleis gjera samlingsstunda til ei større oppleveling for barna og nytt lokalt fagnettverk saman med 1.-3. trinns lærarar om dialogisk lesing, omgrepsslæring med meir. Gjennom Fylkemannen er det gjeve tilskot til kompetanseksjonskurs om den gode språkutviklande samtalens – språkstimulering gjennom heile barnehagedagen.

Både i 2014, 2015 og no i år deltek fleire tilsette på eit omfattande nettkurs om barn og språk hjå Dysleksi Norge for betre å bli i stand til å avdekka risiko for språkvanskar hjå barn i barnehagealder. I tillegg til desse fellestiltaka vert det

gjennomført mykje godt internt utviklingsarbeid i den einskilde barnehage.

Forsking syner at dei barna som kan få ord når dei byrjar på skulen vil streva mykje meir enn jamaldringar som har eit breiare ordtilfang. Det er også slik at dess fleire ord du kan, dess fortare lærer du nye ord. Det å arbeida grundig og breitt med språk i barnehagen er difor eit viktig tidleg innsats-tiltak for å redusera tendensen til sosial ulikskap og gje barna eit betre utgangspunkt for det vidare utdannings- og yrkesløpet.

Fysisk aktivitet og psykisk helse
Dei to andre større hovudsatsingane i barnehagane i Luster er fysisk aktivitet og psykisk helse. Når det gjeld fysisk aktivitet, er stikkorda variert aktivitet inne og ute, mini-rørslar, hinderløyper, turdagar. Barnehagane tek dette

året del i leikeprogrammet Kule krabatar leikar. Dette var først eit pilotprosjekt i tre barnehagar i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Føremålet med programmet er å auka sosial kompetanse hjå barn og å verka angstførebyggjande då angst ofte startar tidleg. Angst hjå barn kan verka forstyrrende på til dømes sjølvkjensle, trivsel og tilhøvet til vener. Begge desse satsingsområda passar såleis godt under paraplyen tidleg innsats.

Skriving og lesing i alle fag

Satsing på lesing både i form av leselysttiltak og meir systematisk bruk av lesestrategiar har vore ein fellesnemnar for skulane og barnehagane i Luster sidan hausten 2014 då ein kommunal leseplan vart innført. Ei rekke tiltak både i kommunal regi og internt på skulane er gjennomført for å understøtta lesesatsinga. Det at leseplanen er gjennomgående frå dei yngste barna i barnehagen til dei eldste i grunnskulen bidreg til å skapa heilskap og samanheng i leseopplæringa.

Denne hausten starta Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule opp med den nasjonale ungdomsstegsatsinga som vil vara ut skuleåret 2017/18.



Felles satsingsområde for dei to ungdomsskulane er skriving i alle fag. Dette inneber at elevar og lærarar skal vektleggja skriving som reiskap for læring i dei ulike skulefaga og tileigna seg kunnskap om skrivemåtar og skriveprosess i faga. Ungdomsskulane samarbeider tett med Høgskulen i Sogn og Fjordane om fagleg rettleiing og framdrift i satsinga.

Det er også eit uttalt mål at skrivesatsinga på ungdomssteget skal koma til nytte for barneskulane. Ein arena for erfaringsdeling og fagleg diskusjon på tvers av skulesлага er lokale fagnettverk. I oktober vart det såleis halde ei fagøkt om skriving i naturfag og matematikk der lærarar frå både barneskulane og ungdomsskulen deltok. Å kopla og sjå dei ulike aldersstega i samanheng – det vera seg barnehage og 1.-4. trinn eller 5.-7. trinn og ungdomssteg - bidreg til å skapa meir kontinuitet i opplæringa.

IKT (Informasjons- og kommunikasjonsteknologi)

Det overordna målet for den nasjonale ungdomsstegsatsinga er at undervisninga skal verta meir variert, praktisk og relevant for elevane. Vona er at dette skal skapa meir motiverte

elevar og at fleire elevar fullfører opplæringa i vidaregåande skule. Satsing på IKT er ein del av dette biletet, ikkje minst ved at ungdomsskulane frå og med dette skuleåret deltek i den treårige forsøksordninga med programmering som valfag.

Her i Luster har Oppvekst denne våren og hausten byrja å innföra verktøypakken Microsoft 365. Det sentrale her er at lærarar og elevar får eit nytt samarbeids-, og delingsverktøy gjennom programmet OneNote og skytakking gjennom OneDrive. Dette vil også erstatta den tidlegare læringsplattformen Fronter. Til opplæringa av lærarkolleger er IKT-kapasiteten Eva Bratvold hyra inn som ekstern rettleiar. Dessutan er det innført nytt skuleadministrativt system denne hausten – Visma FLYT Skule – og digital individuell opplæringsplan (IOP). Med andre ord er det mykje som skjer på IKT-sida i skulen akkurat no. Mykje er i oppstartfasen, så det trengst litt tid for å få alle system og rutinar på plass. Oppstarten har vore lovande og lærarar og elevar er positive til fordelane dei nye systema kan gje.

Tilpassa opplæring

Det tredje store felles satsingsområdet for skulane i Luster er tilpassa opplæring. Prinsippet om tilpassa opplæring er sentralt i norsk skule. Etter opplæringslova skal opplæringa tilpassast elevane sine evner og føresetnader. Tilpassa opplæring skal bidra til at alle elevar opplever auka læringsutbytte. Dette skal skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapet

Trude Sonnesyn (t.v.) og Sissel O. Morken frå Indre Hafslo oppvekstsenter er nyutdanna språk- og leserettleiarar. Dei har dette skuleåret ansvaret for lokalt fagnettverk for barnehage og 1.-3. trinn om språkutvikling og lesing.

som klassen utgjer. Det kan vera tiltak knytt til organiseringa av undervisninga, pedagogiske metodar, arbeid med læringssmiljø eller vurdering. Tilpassa opplæring skal med andre ord skje innanfor ramma av ordinær opplæring. Betre tilpassa opplæring inkludert kartlegging og oppfølging, kan bidra til å redusera omfanget av spesialundervisning. Mindre spesialundervisning gjev rom for fleire tiltak og meir ressursbruk i den vanlege undervisninga, til dømes kan ein oftare dela elevane i mindre grupper.

Mykje av utviklingsarbeidet innan tilpassa opplæring i Luster er knytt til det lokale fagnettverket om spesialundervising, i tillegg at det vert arbeidt med å laga ein felles kommunal plan for tilpassa opplæring. Gunn Beate Thorsnes Lefdal er tilsett i 20 % stilling dette skuleåret for å arbeida særskilt med å følgja opp kommunen sitt arbeid med tilpassa opplæring. Elles deltek Gaupne skule i eit utviklingsprosjekt kalla «Frå spesialundervising til tilpassa opplæring» leia av Statped Vest og i samarbeid med Sogn regionråd. I prosjektet deltek til saman fem skular frå tre kommunar i Sogn; Leikanger og Vik i tillegg til Luster.

Oppvekstsentrals deltek i europeisk prosjekt om skulestart

For første gong skal skular i Luster vera med på EU sitt program for utdanning og samarbeid; Erasmus+. Saman med partnarar frå Danmark, Island, Irland, Kroatia og Hellas skal oppvekstsentrals i Luster utveksla erfaringar om skulestart og den første opplæringa i lesing, rekning og skriving.

Prosjektet går over tre år og varar frå 2016 – 2019 og har fått kortnamnet RECEPTION - Role of Early Childhood Education in Positive Transition / Induction Outcomes for New pupils. Sentralt i prosjektet er overgangen barnehage – skule og korleis ein skapar kvalitet i opplæringa frå første skuledag. Det er lagt opp til vitjing og kurs hjå kvar av partnarane. Oppstartsmøtet gjekk føre seg i slutten av november 2016 i Ennis i County Clare på vestkysten av Irland. Der var Luster representert med kommunalsjef




oppvekst, to rektorar og to lærarar. På kvar samling vil lærarar frå Luster få høve til å delta på fem-dagars-kurs. Luster vil vera vertskap for samlinga i mai 2019.

Det er den irske partnaren som er koordinator for prosjektet. Forutan Clare Education Centre i Irland og Luster kommune i Noreg så deltek Albertslund kommune i Danmark, Langholtsskoli i Reykjavik på Island, skulen Gornja Stubica utanfor Zagreb i Kroatia og direktoratet for barneskular i vestre Thessaloniki i Hellas.

#Lusterkommune

Gjer som Jonny, bruk *#lusterkommune* på flotte bilete av lustranaturen.

Vinterkveld i Skjolden. Foto Jonny Johnsen.





Oransje legg vekt på naturen og eventyr som kulturskatt. Me syng «Bukken Bruse».

Kulturskattar i Gaupne barnehage

Gaupne barnehage har dette året «Kulturskattar» som tema. Dei ulike basane legg vekt på ulike ting og tema rundt dette emnet, utifrå interesser, kunnskap, ynskje frå borna og variasjon på basane.

Men me har heile tida med oss satsingsområda «Fysisk aktivitet», «språkstimulering», «psykisk helse» og «friluftsliv».

Rosa og Grøn har dei yngste borna. For dei er det viktig med nærliek, omsorg, sansestimulering, og små nye opplevingar og oppdagingar både mentalt og fysisk. Ein kulturskatt i landet og nærmiljøet vårt er kyrkja. Born og vaksne tok difor ein tur til Gamlekyrkja i bygda. Der såg me, kjende me på treverket, lukta på kyrkja og kjende på stemninga me vaksne tek med oss når me er ved kyrkja.

Blå har valt seg ut ei gamal regle frå Alf Prøysen, ei regle dei vil

bruke som utgangspunkt i sitt tema kring kulturskattar. Regla er «Musa i bua», og i den òg kan ein knyte inn satsingsområda til barnehagen: «Fysisk aktivitet», «språkstimulering» og «friluftsliv». Denne regla saman med gamle tradisjonsongar valde Blå fordi me er

på Omsorgssenteret og syng til dei eldre menneska i samfunnet vårt. Og me ville gjerne vise at me tek vare på kulturen vår, gjennom songskattar og regler. Heile barnehagen vart med Blå på songskattane og me har nokre felles songar som me syng på alle basar, og i felles song-



Blå har valt seg ut ei gamal regle frå Alf Prøysen, «Musa i bua».



Rosa og Grøn har dei yngste borna. For dei er det viktig med nærliek, omsorg, sansestimulering.

stund i aulaen. Det er viktig for Gaupne barnehage at me gjer ting i fellesskap innimellan. Turkis har valt seg ut mattradisjonar som sin kulturskatt som dei vil fokusere ekstra på. Me ser at samfunnet vårt endrar seg, og det blir travlegare å vera både forelder og barn. Kven hugsar vel ikkje kor godt det var å kome heim til lukta av nylaga rundstykke eller stå saman med ein voksen på kjøkenet og lage middag. Dette er noko barneha-

gen tykkjer er viktig at borna får oppleve. Dette er ein god arena for språk og omgrepsslæring. I samband med friluftsliv og fysisk aktivitet fokuserer me på å lage sunn og næringsrik mat ute. Eller me lærer å smørje nista vår som me skal ha med oss på tur. Oransje legg vekt på naturen og eventyr som kulturskatt. Me syng «Bukken Bruse», brukar flanellograf til å fortelje eventyret, me dramatiserer inne, og ute på tur. I hytta vår på Teigen har

me mange dyr me kan snakke om; grevlingen, reven, sauver og geiter. Me ser spor etter grevlingen der framme og me øver oss på songen «Grevling i taket». Me såg nett i reven ein dag me kom fram dit, og syng litt om «Mikkel rev». Men geitene og trollet som me ikkje ser der framme på «åntli», dei fortel me myyykje om, og me dramatiserer. Eventyret om Dei tre bukkane Bruse er ein innfallsinkel til temaet «eventyr som kulturskatt». Naturen, til dømes framme ved hytta, på toppen av Røslebakkane og på Røneid er gull verdt i temaet «Naturen som kulturskatt».

Med inspirerande og aktive vaksne, som heile tida skal vera der med og for borna, vonar me at dagane og temajobbing som handlar om å ta vare på kulturen vår er med på å forme borna og bygge dei til å ha både fysisk og psykisk god helse.



Turkis har valt seg ut mattradisjonar som sin kulturskatt som dei vil fokusere ekstra på.

*Me vil - Me kan -
i Gaupne barnehage*



Spennande å få komme inn i jordkjellaren på Bjørk. Denne fungerte som eit kjøleskåp for matvarer som skulle lagrast kjølig.

På Haugavårstolen var Harald med som kjentmann. Han syntet oss den gamle uteløa, og fortalte at den vart bruk til å oppbevare høy i. Løa var ikkje full før høyet kom opp til taket.

Jostedal Barnehage:

Kulturminne i nærmiljøet

I år har Jostedal barnehage eit prosjekt som me har kalla "Kulturminne i nærmiljøet". Me reiser rundt i små grupper og ser på byggverk frå gamle dagar. I lag med ungane undrar me oss over kva desse kan ha blitt brukt til, og kvifor dei er der dei er. Kvifor er det steinmur rundt Vårstolen?

Kva vart denne uteløa brukt til? Kvifor er det ein jordkjellar her? Alle borna er med og besøker ulike stader i løpet av hausten og våren. Det er mange minne frå gamle dagar rundt omkring oss, men legg me merke til desse når me er ute på tur? Me i barnehagen har som mål at

borna skal bli meir observante når dei er ute i skog og mark. Kanskje nokon har eit kulturminne i heimemiljøet sitt? For kvart kulturminne me besøker lagar me eit informasjonsark, og etter kvart vert det ei slags bok. Der kan me sjå kvar me har vore og kva me har lært om.



I Kvefjøsen vart kyrne mjølka kveld og morgon. Her fann me restar av ein gammal fjøskrakk og me fekk sjå at kyrne hadde kvar sin bås å stå i.



I Kvernhuset fortalte Anne Kristin korleis korn vart malt til mjøl. Me fann korn- og mjølrestar som me studerte og smakte litt på. På utsida av huset såg me at vatnet skulle renne inn i ei renne for drive kverna rundt. Nokre av borna hadde vore med og sett kvernhuset i full drift tidlegare i sommar.

Open skule og offisiell opning av Nye Hafslo barne - og ungdomsskule

Tysdag 2. november markerte Hafslo barne -og ungdomsskule at dei nye lokalane på skulen er ferdigstilt. Elevar og lærarar opna dørene og hadde open skule frå klokka 12.00 - 15.00. Elevane hadde varierte aktivitetar, mellom anna programmering, fagrelaterte spel, verving,

keramikk, musikk, fysisk aktivitet og kafé.

Mange føresette, besteforeldre og andre tok turen. Besøkande seier det var kjekt å få sjå skulen, og var positive til det dei tilsette og elevane hadde stelt i stand.

Frå klokka 16.30 starta det offisielle programmet med inviterte gjester. Kommunalsjef Knut Åge Teigen ønskte velkommen, tidlegare rektor Magnar Høyum hadde historisk tilbakeblikk når det gjeld skulebygningane, rådmann Jarle Skartun og byggeleiari Johannes Øygarden



Elevane stod for underhaldninga.






Ordføraren og 1.klassingane stod for snorklyppinga.

Hans Harald Nes (t.h.) fra hovudentreprenør Hans Nes Bygg AS takka på vegne av alle entreprenørane for oppdraget, og gav ein akvarell til skulen, representert ved rektor Hilde Holte Selland og byggeleiar Johannes Øygarden.

fortalte litt om byggeprosessen. Ordførar Ivar Kvalen stod for snorklyppinga, saman med 1. klasse. Elevane bidrog med song og dans.

Markeringsa vart avslutta med kaffi, saft og kaker til alle fram-møtte.



Spennande å prøve den interaktive tavla.

Mange nyttar høvet å sjå den nye skulen, og sjå på aktivitetane til elevane.



Samling for nyutdanna lærarar i Luster

Onsdag 7. september møtte 11 motiverte lærarar til første kurs samling for nyutdanna lærarar i Luster. Samlinga er del av ei fast ordning for rettleiing og fagleg støtte til nyutdanna lærarar i kommunen. I løpet av det første året som nyutdanna lærar er det fem fagsamlingar med tema som er nyttige i startfasen som lærar. I tillegg har dei nyutdanna lærarane også ein eigen mentor på skulen sin som dei kan få rettleiing av.

Tema for den første samlinga var klasseleiing, det vil seia korleis læraren organiserer og styrer læringsarbeidet i klassen. Kurshaldar var Dorthea Sekkingstad ved Høgskulen i Sogn og Fjordane som i fleire år har samarbeidd med Luster om mentor- og nyutdanna-oppfølginga.

Hjarteg velkommen til lustraskulen – veldig kjekt å ha så mange nye lærarar med på laget!



Bak f.v.: Randi Vikhagen Geitnes, Katrine Henden Nondal, Agnese Bremere, Trine Ludvigsen Rygg, Elisabeth Alme. Framme f.v.: Andreas Førstad, Solveig Bang, Line Tjetland, Håvard Takle Sanden, Birgit Berg Hustveit, Cathrine Brendstuen, Dorthea Sekkingstad ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Nye leiarar i skulen



Hilde Holte Selland er tilsett som ny rektor ved Hafslø barne- og ungdomsskule frå 1. august 2016. Selland kjem frå stillinga som lærar ved Gaupne skule. Ho har brei og variert røysle frå skulen som faglærar, kontaktlærar, teamleiar og tillitsvald gjennom ei årrekke. Då Luster deltok i Utdanningsdirektoratet si satsing «Vurdering for læring», var Selland communal ressurslærar. Elles har Selland vore nettverkskoordinator for lokale fagnettverk i Luster sidan oppstarten og redaktør for den kommunale leseplanen. Dette skuleåret har Selland fullført vidareutdanning i skuleutvikling og organisasjonsbygging ved Høgskulen i Lillehammer.



Gunn Beate Thorsnes Lefdal er ny communal ressurslærar for den nasjonale ungdomsstegsatsinga (UIU) i kommunen. Ho har og 20 % stilling på Oppvekst sområdgjevar tilpassa opplæring.



Nokre i dugnadsgjengen. F.v.: Svein Tore Heltne, Arve Kvalsvik, Domenik Dressel og Odd Vigdal. Inge Magne Otterhjell, Arild Brun, Per Høyheim, Siv Bente Høium og Petter Gabrielsen var med, men er ikkje på biletet.

Luster oppvekstsenter:

Skulen har fått nytt klatrestativ

Me er heldige som har flinke og ivrige dugnadsfolk rundt om i bygdene våre. I Luster sette ein ivrig gjeng opp nytt klatrestativ i løpet av nokre intensive dagar i haustferien.

Lang planlegging

Det nye klatrestativet ved Luster oppvekstsenter har vore under planlegging i fleire år. Elevrådet har uttalt seg om ønskje og vurdert alternativ fleire gonger, og FAU har vore inne i planarbeidet heile tida. Og endeleg vart stativet kjøpt inn i juni 2016!

Dugnadsgjengen

Sven Tore Heltne tok på seg å vere arbeidsleiar for dugnaden, og fekk samla nok folk slik at dei kunne starte opp første laurdagen i haustferien. Fleire stilte med eigne maskiner, nokre kokte kaffi og bakte, og andre bar tungt og grov for hand. Rykta fortel om fleire lange og mørke kveldar. Og ei lita veke seinare stod klatrestativet klart til bruk. Imponerande!

Gåver

For nokre år sidan fekk alle skulane i Luster ei pengegåve kvar frå Luster Sparebank, og noko av denne gava finanserte klatrestativet. I tillegg fekk skulen ein stor sum i gåve frå FAU i 2013. Under dugnaden fekk me fleire gåver, m.a. frå Idrettslaget Luster. Tusen takk til alle som gjorde til at dette vart så flott! Dette vil vere til glede og skape aktivitet for små og store i mange år framover!



Ei veke etter oppstart kan klatrestativet takast i bruk.



Klatrestativet har vore i flittig bruk sidan haustferien. Her er det siste dei leikar.

Ekskursjon med 3. klasse ved Gaupne skule

Korleis lever auren og stingsilda i Hafslvatnet?

Fleire veker etter turen til Hafslvatnet sit opplevingane og læringa fortsatt spikra i hovudet til elevar og lærarar.

3. klasse ved Gaupne skule har som overordna mål at læring bør skje med mest mogleg variasjon i læringsstilar. Me veit at somme elevar lærer best ved å lese, nokre ved å lytte, nokre ved å bruke hendene, og nokre ved å bruke heile kroppen.

Lærarane i klassen kontakta Luster jakt- og fiskelag, ved August Evensen og Per Ove Thune, naturforvaltar Inger Moe og leiaren i Hafslvatnet grunneigarlag, Olav Bremer. Saman med desse folka, fekk me nettopp denne dagen med dei ekstra gode opplevingane.

Temaet for dagen var fisk. Korleis lever auren og stingsilda i Hafslvatnet? Kva særpreg har området rundt vatnet? Spørsmå-



Lunsjen denne dagen var sjølvsagt fisk. Den smaka særdeles godt.

la var mange, og svara frå Per Ove, Inger og August var like mange, og veldig gode.

Fisk på kroken vart det og. Fin aure på nokre hekto vart teken opp, sløya, steikt i folie saman

med grønsaker, rotvekstar og ekte smør. Og ikkje minst eten opp av elevar og vaksne.

Heldige som me var, hadde Per Ove vore på Heggdalsvatnet og fiska nokre dagar før. I sekken hadde han med seg fjellaure til oss, og me fekk samanlikna ein Heggdalsaure mot ein Hafslau. Største ulikskapen såg me på kjøtfargen deira. Hafslauaren var tydelegare raud i kjøtet. Hafslofiskane et mykje marflo, eit krepsdyr med raudt fargestoff, medan Heggdalsauren er lysare i kjøtet fordi kosthaldet hans mellom anna er plankton og fjærmygg.

Utpå ettermiddagen gjekk sola ned, og me måtte ta kveld. Tida gjekk og me takka fint for oss og sette nasen mot Gaupne, med ønske om at dette må verte eit fast opplegg for alle 3.klassingar i Luster kommune.

Samling rundt bålet. Per Ove Thune fortel om fisk og Hafslvatnet, og elevane føl godt med.





Alle ungane ved Jostedal oppvekstsenter var på scena og song i lag.

Forut-festival på Jostedal samfunnshus

Kvar haust har Jostedal oppvekstsenter ein solidaritetsaksjon der borna på skulen og i barnehagen lærer om born sine rettar og korleis born har det andre plassar i verda. Aksjonen vert avslutta med eit arrangement der me inviterer heile bygda på middag og samlar inn pengar til prosjekt for born. I år var det Forut sin barneaksjon i Nepal som var tema, og 1.-4.klasse i lag med dei eldste i barnehagen samla inn om lag 10 000 kroner ved å selje varer frå Forut. 5.-7. klasse hadde laga nepalesisk lammegryte med linser og ris, og serverte middag til nærare 100



5. - 7.klasse hadde laga nepalesisk lammegryte med linser, og serverte ris og heimelaga nanbrød attmed.

personar. Me hadde øvd på songar som handla om solidaritet,

og alle ungane ved oppvekstsenteret var på scena!



Om lag 100 personar møtte opp og fekk servert lammegryte, kaffi og kaker i samfunnshuset.

Skjolden oppvekstsenter

Om Urnes stavkyrkje

Skjolden oppvekstsenter har i haust hatt eit aldersblanda og tverrfagleg undervisningsopplegg om Urnes stavkyrkje.

Oppvekstsenteret har jobba tverrfagleg og aldersblanda med tema over fleire veker.

I barnehagen er det dei to eldste kulla våre som har hatt Urnes stavkyrkje som tema. Dei fire «førskuleborna» våre var med skulen på ein flott tur til Svarthiller/Molden. Då såg me ned på Urnes.

Før me starta opp med sjølve temaarbeidet hengde me opp eit bilet frå turen til Svarthiller, eit bilet av stavkyrkja og eit av nordportalen. Dette for å introdusere tema; kva tenkjer barna om det dei ser. Turen til Urnes kom i starten av temaperioden. Barna våre hadde lite kjennskap til kyrkja, og trond difor konkrete erfaringar. Rammeplan til barnehagen seier «at me skal skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtalar». Etter besøket har me gjort nettopp dette. Me har laga tankekart, fargelagt Nordportalen, laga tekst på data til bilet frå turen, laga modell av kyrkja, sett på kommunevåpenet som er henta frå kyrkja. Me har hatt mange filosofiske samtalar om livet i og rundt kyrkja på Ornes i gamle dagar, som t.d. kvifor sat kvinnene på ei side i kyrkja og mennene på den andre.

1. og 2.klasse

sitt arbeid med Urnes stavkyrkje tok utgangspunkt i mange detaljbilete og andre bilete av enkeltting frå interiør og eksteriør. Elevane undra seg over kva det kunne vera bilete av, og



Adelheid, Marit og Malin i Nordportalen.

kva funksjon det hadde. Den dagen me var på besøk i kyrkja var det spennande å finna ut kvar bileta var tekne. Dei var ivrige og kjende ganske raskt att tinga frå bileta. Tilbake på skulen skreiv dei om stavkyrkja på data og teikna kyrkja. Me laga òg tid-

sline og fann ut at oldefar eller oldemor med 12 tippar framom levde då kyrkja vart bygd!

3. og 4. klasse

byrja arbeidet sitt med å få ned på papir kva dei visste om Urnes og stavkyrkjer. Vidare skreiv

dei ned ting dei undra seg over og anna som dei ynskte å finna ut. Med i sekken til Urnes på ekskursjon var spørsmåla, ark, blyant, kamera, målestokk og lasermålar. Inne i kyrkja vart me møtt av Marit Bøen som både kunne fortelje om mangt og mykje, samt svara på alle spørsmåla me hadde. Neste stopp var museet, der Rakel Skagen syntte oss rundt og fortalte om dei ulike gjenstandane. Me avslutta ute med å måla lengd, høgd og liknande på kyrkja, telja gravsteinane, finna kva gravstein som var eldst og om det var mange like etternamn på steinane.

Elevane vart delte i fire grupper og jobba med ulike oppgåver. Ei gruppe bygde stavkyrkja i målestokk, og laga ein skriftleg presentasjon over arbeidet med bilet og tekst. Gruppe to skreiv om sein vikingtid, kristninga og Urnes som tidleg kyrkjested. Gruppe tre tok føre seg reformasjonstid og endring i kyrkja på Urnes. Gruppe fire såg på Urnes kyrkje si rolle i dag, og kva betyding det har at ho er på UNESCO si verdsarv liste. I tillegg til PowerPoint-presentasjonane laga elevane ein film der dei vart sendt i tid, først til vikingtida, så til reformasjonstida og til slutt tilbake att til notida.

5., 6. og 7.klasse
tok utgangspunkt i mellomalder-



Her bygger me stavkyrkje.

en og vikingtida, for å setje seg inn i korleis folk levde på den tida Urnes stavkyrkje vart bygd. Var alle i Noreg kristne, og korleis var overgangen frå Odin og Tor til Kvitekrist? Kor lenge er det sidan, kor mange 10-år har gått sidan ho vart bygd? Dette gjorde me fordi elevane sin alder er 10-12 år. Elvane stilte seg opp med jamne mellomrom på skulepllassen, men det vart ei veldig lang rekke, og heller ikkje nok elevar til å koma fram til notida. Dei fann ut at det var nok lurare å rekle med 100 års-bolkar, og fann også ut, som 1. og 2.klasse, at oldefar eller oldemor med 12 tippar framom var dei som kunne gå i Urnes stavkyrkje då ho var nybygd.

Etter innføringa og jobbing med m.a. vikingar og då Noreg vart



Elevane skriv og teiknar.

samla under ein konge, Harald Hårfagre, jobbar dei no med sjølve kyrkja. Det vart vanskelig å finne skildringar av dei einskilde tinga inne i kyrkja, og me fekk lov til å reise ein tur til Ornes. Marit Bøen tok i mot oss på ny, og fortalte og forklarte ut av sin enorme kunnskap om kyrkja, og elevane var motiverde for å finne ut mest mogleg om det dei no visste dei skulle skrive om då dei kom attende til skulen. Elevane var utruleg heldige som fekk oppleve at Marit opna døra i Nordportalen. Dei tok bilete, talde trappetrinn og søyler, tok mål av interiøret og studerte framsider og baksider. Dei skriv samansette tekstar om interiør og eksteriør. I klasserommet har dei teikna Nordportalen i rett målestokk.



Marit fortel om stavkyrkja.



Skuleområdet på Veitastrond

Veitastrond IL i samarbeid med Luster kommune utarbeida planar for ballbingen på skuleplassen på Veitastrond i 2011 og den fekk prioritert i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv av kommunestyret i 2012. Spelemidlane, som toppfinansiering, vart tildelte no i 2016.

Etter at planen for ballbingen vart realisert i 2015 såg idrettslaget at resten av skuleområdet også hadde godt av eit skikkelig løft. Laget tok difor initiativ til å setja opp nye leikeapparat. Etter råd frå dåverande rektor vart det kjøpt inn ei ny hinderløype. Dette er flotte leikeapparat som både er morosamt å klatra i, og som samtidig gjev ungane utfordringar i forhold til kroppskontroll og motorikk. I tillegg til hinderløypa vart det òg plass til nytt huskestativ og nokre fleire utandørs småleiker. Hinderløypa og ballbingen stod begge klare til bruk hausten 2015.

Kruna på verket vart lagt sommaren 2016. Då pussa idrettslaget til området rundt ballbingen og dei nye leikeapparata, og la

flott ferdigplen på heile området. Til slutt vart det lagt ei asfaltert sykkelbane rundt heile skulen.

Sluttresultatet kan både idrettslaget, kommunen og heile bygda vera godt nøgde med. Bygda har fått eit område til allsidig bruk, og særleg borna nyttar no heile skuleområdet på ein veldig god måte. Både ungane og dei som er tilsette i skulen og barnehagen har fått ein ny kvardag med alt dette på plass. I tillegg vert leikeparken nyta veldig mykje i ferie og på fritida.

Prosjektet har hatt ei kostnadsramme på ca. 800.000 kroner med ein vesentleg del dugnadstimer, og er finansiert av idrettslaget og bygdalaget, spelemidlar, tilskot frå kommunen og gave frå Luster Sparebank. Gjennomføringa av prosjektet har synt eit vellukka samarbeid mellom bygda, idrettslaget og Luster kommune.

Det heile vart kruna med ein flott opningsfest den 15. september der ordførar Ivar Kvalen på sporty vis sykla rundt skulen på den nye bana på trehjulssykkel.

Richard Nes fortel om det nye anlegget ved skulen.



Ordførar Ivar Kvalen stod for den offisielle opninga av ballbingen og leikeparken.



Han Ivar hadde ikkje gløymt korleis ein trehjulssykkel skal køyrast.



Luster Sparebank ved Oddstein Haugen t.h. nyttar høvet til å gratulere bygda med anlegget og overrekte Richard Nes ein gåvesjekk på 50.000 kroner.



Felles premie for deltagning i Sommarles var elleville «Heksagon og Elvis», eit syngespel med Kristin og Pål Prois.

Varaordførar Marit Aakre Tennøe overrekker bokpakke og diplom til Jostedal oppvekstsenter ved leiar i foreldreutvalet, Bjørn H. Gjelsten, med sonen Francis, og forelder Lina Reksten med døtrene Helene og Sigrid. Premie: Bokpakke kr 2000.



Sommarles 2016

Sommarlesfesten i Luster bibliotek er eit årleg arrangement i september for å avrunde sommarens lesekampanje. I år som i fjor blei alle skular og barnehagar i kommunen inviterte til å delta i Sommarles. Målet med Sommarles er at skuleelevar på barnesteget skal bli motiverte til å vedlikehalde leseferdigheita i sommarferien. Ein må lese minst fem bøker for å vere med i trekkinga av premiar. I barnehagen er det kosen og gleda rundt forteljinga som er det aller viktigaste.

Varaordførar Marit Aakre Tennø sto for premieutdelinga. Marit kan mykje om litteratur og lesing, og har eit særleg engasjement for nynorsk som skriftspråk. Ho rosa biblioteket for innsatsen som er gjort for å auke utlånet av nynorsk bøker. Kåring av beste skule og beste barnehage

Andre år på rad var det barnehagen ved Jostedal oppvekstsenter, som hadde størst deltagingsprosent. Så mange som 19 av 20 barn var med i lesekampanjen! Indre Hafslo barnehage

blei god nummer to.

Luster oppvekstsenter gjentok bragden frå 2015 med størst deltagingsprosent av skuleelevar andre år på rad. Også i 2016 blei det 65% oppslutnad i lesekampanjen. Jostedal blei nummer to og Skjolden nummer tre.

Resultat frå premietrekking
Bokpakke, verdi kr 1000:
Vilja Helen Reime (Gamlestova
barnehage).

Gåvekort kr 1000: Tor Eldgrim
Svanheld (Skjolden skule).

Gåvekort kr 500: Helene Bruflat
(Gaupne).

Gåvekort kr 300: Hedda Prestegård (Gaupne).

To fotballbillettar: Samuel Vara-di (Gaupne).

Bokpremie: Oda Åsen (Jostedal),
Vegard Norberg (Jostedal),
Oliver Tuften Høistad (Gaupne),
Ann Kathrin Olsen (Gaupne),
Anna Maria Bremer (Hafslo) og
Sigrid Kjørlaug Bergfjord (Hafslo).

(Alle foto:
Kari Anne Skjerven Afdal)



Lærar Monica Sognnes ved Luster Oppvekstsenter tek imot diplom og isbrev til elevar og tilsette for superflott innsats i Sommarles 2016.



Lisbeth Dreyer fortel om fotografen Knud Knudsen og forskinga bak «Knud Knudsens album». Arrangementet var eit samarbeidsprosjekt mellom sju bibliotek i Sogn, som har fått økonomisk støtte frå Nasjonalbiblioteket og Folkeakademiet Sogn og Fjordane. Fotografen hadde fleire opphold i Luster på 1800-talet. Det er dokumentert med bilete frå Marifjøra, Skjolden, Fortun, Jostedalen (Leirmo og Nigardsbreen) og Turtagro.

Frå haustprogrammet til Luster bibliotek

Hausten er ei god tid for kulturaktivitetar i biblioteket, og laurdag ettermiddag er eit fint tidspunkt for arrangement. Denne hausten har det vore bar-

neteater, forteljarstund for barn nokre laurdagar, og det har vore haustkonsert og føredrag.



«Fiskekongen» med Barnehageteateret, etter eit eventyr av brødrene Grimm, blei godt motteken av barnehagebarn og av førsteklassingar; Litt skummelt, men mest moro.



Forteljarstund med Dag Tore. Dag Tore Dysvik formidlar frå sine bokfavorittar. Her frå siste boka om Jakob og Neikob, ei nynorsk biletbok som har vore på utlånstoppen i haust.



Nigard 1896. Foto: Knud Knudsen, frå Knud Knudsens album.

Ruspolisk plan vedteken for dei fire neste åra

Kvart fjerde år, når det er nytt kommunestyre, blir det jobba med ruspolitisk plan i kommunen. Ein mellombels politisk komité, leia av Per Steinar Svingum utarbeida forslag til planen, og kommunestyret gjorde endeleg vedtak i september.

Vedtaket til kommunestyret:


1. Ruspolitisk handlingsplan for 2016 – 2019 vert vedteken som framlagt.
2. Rådmannen vert oppmoda om å arbeida ut ein plan for å sikra betre koordinering av tenestene innafor rusfeltet. Arbeidet skal gjerast gjennom ei gruppe med deltararar frå dei aktuelle fagområda inkludert NAV.
3. Lag og organisasjoner kan få tildelt løyve til skjenking ved einskildarrangement, føresett at dei stettar dei formelle krava til skjenkestyrar og godkjende vakter.
4. Endra regelverk for fornying av sals- og skjenkeløyve:

Med grunnlag i Ruspolitisk handlingsplan, vert sals- og skjenkeløyve for verksemder som har generelt løyve i Luster kommune, ikkje opphøyrt frå 31. mars 2016. Løyva vil gjelda vidare for perioden 31. mars 2016 til 31. september 2020.

- Kommunen skal føreta lopande vandelskontroll, minst ein gong pr. år.
5. For å møte framtidige utfordringar i høve til narkotika og doping, må dette området få auka fokus i høve til det holdningsskapande og førebyggande arbeidet i kommunen.

Mål at ingen foreldre/føresette gjev alkohol til barn og unge under 18 år.

I planen er det målsetjingar og tiltak. Ei målsetjing er at kommunen skal vere god på koordinering i førebyggande arbeid og i arbeid med rusmisbrukarar.



Vidare er det ei målsetjing å heve den gjennomsnittlege debutalderen for alkohol og at foreldre og føresette skal ansvarleggjera. Eit konkret mål er at ingen foreldre/føresette skal gje alkohol til barn og unge under 18 år.

Heile planen kan du lese på Luster kommune si heimeside.



Fra haustkonsert med Andrea Årøy og Bjørn Tore Årøy, populært familiearrangement.



Ungdommen sitt kommunestyre 2016-17. F.v.: Jonatan Hurthi, Vebjørn Viem Elvekrok, Bente Bergum, Anja Kvalsøren, Kine Hauge, Marie Skamsar Åsen, Zakarias Høyheim Skintveit, Ida Falkgjerdet Svåi, Karol Jozef Szczupka, Lene Teigen, Sebastian Joranger, Inger Anne Bruheim, Marius Yttri Eide, Emil Øiene Morken, Johan Lægreid Nes, Trond Fredheim Jevnaker, Helene Selland.

Ungdommen sitt kommunestyre 2016-17

Luster ungdomsskule:

Kine Hauge, Skjolden (2)
Sebastian Joranger, Marifjøra (1)
Vebjørn Viem Elvekrok, Jostedal (2)

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Inger Anne Bruheim, Hafslo (2)
Helene Selland, Hafslo (2)

Sogndal vidaregåande skule:

Lene Teigen, Marifjøra (2)
Karol Jozef Szczupka, Gaupne (2)
Bente Bergum, Gaupne (2) Nestleiar

4-H:

Ida Falkgjerdet Svåi, Gaupne (2) Leiar

Idrettslag:

Anja Kvalsøren, Gaupne (2)

Politisk representant:

Kr. f.: Jonathan Hurthi, Marifjøra (2)

Varamedlemer i UK:

Marius Yttri Eide, Gaupne
Zakarias Høyheim Skintveit, Høyheimsvik
Emil Øiene Morken, Skjolden
Trond Fredheim Jevnaker, Hafslo
Johan Lægreid Nes, Hafslo
Marie Skamsar Aasen, Jostedal
Marita Holen Leirdal, Gaupne

Arbeidsutvalet:

Leiar: Ida Falkgjerdet Svåi
Nestleiar: Bente Bergum
Jonathan Hurthi

Vara:

Vebjørn Viem Elvekrok



Arbeidsutvalet.

F.v.: Vebjørn Viem Elvekrok (vara), Jonathan Hurthi, Ida Falkgjerdet Svåi (leiar) og Bente Bergum (nestleiar).



Leiar Ida Falkgjerdet Svåi.



Alle samla framfor lavvoen.



Sup-brett på fjorden.

FriMoro for barn

Gratis sommarmoro i det fri

To dagar i slutten av juni møttest om lag 80 barn frå alle barneskulane i Luster til sommarmoro i Parken i Gaupne. Arrangementet FriMoro er eit to-dagars gratis sommartilbod for born frå 4. – 7. klasse.

Der fekk dei prøve kano, havkajakk, sup-brett, spikking, luftgevær, slakk line, dans, fotball, natursti, matlaging på bålpanne og ulike leikar og spel. Målet er at FriMoro skal vere lågterskel, morosamt og gratis. Det skal skapa nettverk mellom bygdene. Det er kjekt og viktig at ungjar frå dei ulike skulane kjem saman og møttest. Det ser vi tydeleg at ungane set pris på, og vi ser at dei finn tonen. Venskap kan starte på denne måten. Med mykje aktivitet er god mat viktig, og på menyen stod det mellom anna grove lappar, taco og frukt. Fokusset er at maten kan lagast ute på bål, at den er sunn og at ungane gjerne får smaka noko nytt.

Nytt i år var at arrangementet hadde fokus på integre-

ring, dette gjennom eit godt samarbeid med flyktningetene i kommunen. Fleire innvandrarar var inviterte, og hjelpte mellom anna til med matlaging og deltok på dei ulike aktivitetane for å leika og møta nye og gamle vene.

FriMoro har god erfaring med «ung til ung»-konseptet ved å nytte instruktørar frå Luster Danseverkstad. Dei hadde ansvar for kvar sine grupper.

Frivillige organisasjoner er viktige for å gjennomføre aktivitetsdagane. Både Lion, Gaupne helselag og Luster Frivilligsentral var med.

Ettersom arrangementet har blitt større, tek FriMoro gjerne imot fleire frivillig som kan tenkje seg å bidra desse to kjekke dagane, (treng ikkje å vere begge dagane). Du vil møte mange glade barn og samarbeide med andre frivillige.

For å høyre meir om opplegget i FriMoro, og kanskje bli med som frivillig, kan du ta kontakt med servicetorget.



Spikking av tvore.



Lions er fast hjelpar på stasjon med luftgevær.



Tautrekkingkonkurranse mellom gruppene.



Villustre instruktørgruppe.
Frå venstre: Julie Fredheim, Fredrik Leirdal Henden, Eiril Ugulen, Julie Leirdal Skjerven, Oda Ugulen, Marte Svangstu, Venessa Joranger, Line Kristine Karlsen Holene og Jakob Sandvik.

Villustre instruktørgruppe for Dans Utan Grenser-Luster

Etter ein vellukka skuleturné i august er Villustre instruktørgruppe no godt i gang med elevtrenings i Luster. Me har no fleire elevar enn på fleire år. Det er moro å sjå at born og unge i Luster likar å dansa!


Dans Utan Grenser (DUG) starta opp Danseverkstadene for 10 år sidan. DUG jobbar mykje med verdiar og haldningar til instruktørane. Dette vert vidareformidla til elevane i danseverkstadane. Dans Utan Grenser skal vere «ein plass for alle» - eit fritidstilbod med låg terskel for deltaking både økonomisk og sosialt. Som instruktør lærer du å ta ansvar, leia og stå framfor ei forsamling. Å fremje meistring, respekt, samhald og samarbeid er viktige verdiar i danseverkstadane.

Heile det siste året har Villustre og dansarar i heile Sogn og Fjordane jobba hardt med jubileumsframsyninga for Danseverkstadane 10 år! Det heile vart toppa med jubileumsturné rundt om i heile Sogn og Fjordane til ståande applaus.

Me held fram med arbeidet med dansen, og håpar å inspirere og gle både born og vaksne med tilbodet Dans Utan Grenser-Luster gir.

Følg oss på facebook: Dans Utan Grenser-Luster.

Frå Jubileumsframsyninga: Fredrik Leirdal Henden og Jakob Sandvik i front.



Basistrenings

Basistrenings for barn og unge kvar onsdag i Gaupne. Alder er 4.-7.klasse i Luster kommune.

Møt opp for å treffa andre, prøva ut ulike øvingar og byggja opp din fysiske form på ein kjekk og leiken måte.

Instruktørar: Lisa Blunck Moe, Julie Olsen, Armando Navarro og Marita Sviiggum.



Me gler oss til å sjå deg!


Tid: onsdagar
kl.15.15 -16.15

Stad: Gymsalen
ved ungdomsskulen i Gaupne

Ta med:

Vatn, innesko og litt mat til før eller etter treninga

GRATIS



Tilbodet er starta opp i Gaupne. Dersom det blir populært, håpar vi på sikt at vi også skal få til liknande i fleire bygder. Vi er då avhengig av å få til eit samarbeid mellom ulike organisasjonar i bygdene.



Eit flott elevkor med alle elevane i grunnskulen i Luster hadde urpremiere på songen «I Luster». Varaordførar Marit Aakre Tennø heldt tale til elevane og ho understreka kor viktig det er å ta vare på kvarandre.

Trygge lokalsamfunn og aktivitetsdag for grunnskulen

Den 8. september var det formell feiring av at Luster har oppfylt krava for å bli sertifisert som Trygt lokalsamfunn.

Trygge lokalsamfunn, eller Safe Community, er eit WHO – konsept, og er ein systematisk måte å jobbe med førebygging av skader og ulukker på. Godkjenninga set ein kvalitetsstandard som kommunen no forpliktar seg følgja.

Trygge lokalsamfunn er ein

viktig del av folkehelsearbeidet og merkesaker for Luster i dette arbeidet er:

- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
- Trygge eldre – førebygging av fall
- Folkehelseoversikt - dokument
- Lokal skaderegistrering

Det blei ei flott ramme for markeringa med å samle alle

grunnskuleeleverne. Elevko- ret som var samansett av alle grunnskuleeleverne i Luster hadde urpremiere på songen «I Luster».

I LUSTER

Av Arve Bjørn Røneid

*Unde fjedli inst i fjorden, dar hjort og saue gaor
Dar finn me oss te rette, dar ligge plassen vaor
Da ekje mange ao oss, me e gode nok før da
I vaore smaoe bøgdalag, dar klara me oss bra*

*I Luster, dar fjorden møte fjedli
I Luster, dar bre og fossa e
I Luster, med frukt og bør ao aller beste sort
I Luster, her vil eg vera te*

*Vil du fiska laks og aure, elle rundt i fjedli gao
Dao e Luster plass før deg, ja da*



Eva J. Vaagland frå det nasjonale Skadeforebyggende forum gratulerte Luster kommune med formell godkjenning og overleverte blankett og flagg til varaordføraren.



*vil du fort fao sjao
Her ha me da me trainge inst i
Norges lengste fjord
Ein bedre plass enn ditta du
finne knapt pao jord*

*I Luster, dar fjorden møte fjedli
I Luster, dar bre og fossa e
I Luster, med frukt og bør ao
aller beste sort
I Luster, her vil eg vera te*

BRIDGE:

*Me veit me ha da mesta, me veit
kå bra da e
Da e no ikkje løge om ein bli
misunnele*

I Luster, dar fjorden møte fjedli



Politiet delte ut refleksvestar til alle 1. klassingane i kommunen.



Her har alle 1.klassingane i Luster fått refleksvesten på.



Tilsette er i gang med opplæringsprogrammet «Tidleg inn».

«Tidleg inn»

Barnet sine fyrste leveår legg eit viktig grunnlag for vekst og utvikling vidare i livet, og godt foreldreskap er særleg viktig. Luster er ein av kommunane som i år har motteke prosjektmidlar til gjennomføring av opplæringsprogrammet «Tidleg inn». Programmet er eit tilbod til kommunane for tilsette som i det dagleg møter småbarnsforeldre og gravide, og er spesielt retta mot barn i aldersgruppa 0-6 år.

Programmet gjev kompetanse for å følgje opp og hjelpe familiar der det er vanskar knytt til psykisk helse, rus og vald i nære relasjoner.

Eit regionalt opplæringsteam med kurshaldarar frå ulike kompetansemiljø kjem til kommunen. Det er viktig at alle som jobbar med barn og foreldre har ei felles forståing av moglege risikofaktorar og symptom, samt gode kartleggingsskjema og rutinar.

Målet med «Tidleg inn» er å auka sjansen for at barn kan vekse opp i ein heim der det er trygt og føreseieleg, og at føresette får oppleve glede og meisning i foreldrerolla.

Det er Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedi-



rekotoratet som er initiativtakar til opplæringstilbodet.

Radonmåling

Radonmåling bør gjerast mellom midten av oktober og midten av april, over eit tidsrom på minst to månader.

For utleigebustader er det krav om radonmåling.



Radonmåling kan ein enkelt utføra sjølv ved å bestilla sporfilm-boksar som ein set ut i bustaden. Ein kan også kjøpa elektronisk måleapparat. Det skal målast i minst to opphaltsrom. Firma som driv oppsøkande sal, ringer ikkje på oppdrag frå kommunen eller strålevernet. Det er viktig å undersøka pris før ein gjer avtale om å kjøpa.

Strålevernet antydar normal pris 400 - 600 kroner for to sporfilmar.

Sjå Statens Strålevern si heimeside.



Ambulant buteam i Luster kommune. F.v.: Armando Navarro, Jonny Gjerde, Adam Erik Gunnarsson og Liv Endresen.

Ambulant buteam/buoppfølgingsteneste

Å bu trygt og godt inneber ikkje berre å leige eller å eige ein bustad. Mange har samansette utfordringar økonomisk, sosialt og/eller helsemessig.

Å etablere og meistre eit buforhold føreset praktiske, sosiale og kulturelle ferdigheitar. Buoppfølging inneber at ein gjennom individuelt tilpassa tiltak skal gjere den enkelte mest mogleg i stand til å ta ansvar for sitt eige bustadforhold. Arbeidet er primært knytt opp mot bustadforholdet, men kan også omfatte andre forhold i bebuaren sitt liv.

Fokus på fremje meistring i eige liv:

- Personleg økonomi – forpliktingar knytt til buforhold
- Nettverksbygging – førebygging av isolasjon – sosial trening – fritidsaktivitetar – sysselsetting
- Praktisk butrening; reinhald og vedlikehald
- Bufellesskap; naboar, burrettslag, dugnad
- Årstider; snømåking, rydding
- Bistand til å bli kjent i lokalmiljø – møteplassar
- Rettleiing om ernærings og matlagning

- Oppvarming, straum, fuktproblematikk, vatn i kjøkken og våtrom, mm.
- Avdekke ting som kan medføre problem for både leigetakar og uteigar etter innflytting.

Kommunen har motteke prosjektmidlar som har som mål å få på plass eit tverrfagleg systematisk samarbeid i høve buoppfølging inn mot flyktningar, sosialt- og økonomisk vanskelegstilte (eit særskilt fokus på barnefamiliar), rus og psykiatri.

Når det gjeld buoppfølging til flyktningar, kan dette bidra til meir sjølvstende slik at dei betre kan meistre det samfunnet dei skal bu i. Det kan vere i forhold som går direkte på hushald som vasking, lufting, straum, renovasjon, rekningar og naboskap. Men det er også mange andre normer og reglar som flyktningane skal lære og som vi ynskjer å setta meir fokus på. Likning og skatt er ei utfordring, men også bruken av m.a. vaskemaskin og kjøleskap kan vere ei utfordring for mange.

Menneske med psykiske lidingar

og/eller rusmisbruk som kjem ut frå institusjon kan oppleva å flytta til einsem og isolasjon. Det er då viktig å fokusere på moglegheitene for meiningsfulle aktivitetar og å skape nettverk, samt å meistre det å bu.

Buoppfølging tek utgangspunkt i den enkelte sine behov og ressursar. Vidare å legge til rette for at dei som får buoppfølging tek aktivt del i prosessen med å skape trivsel og ein god heim.

Kommunen ynskjer å skape gode, trygge og forutsigbare buminjø for alle. Ved å jobbe førebyggande ynskjer vi å gjere kommunen til ein positiv og synleg aktør som uteigar og leigetakar i bustadmarknaden.

Prosjektet «Ambulant buteam» er eit oppfølgingspunkt i kommunen sin Bustadsosial handlingsplan, og er eit samarbeid mellom NAV, flyktningstenesta, eigedom, servicetorg, rus- og psykiatritenesta.

For å komme i kontakt med ambulant buteam kan du ta kontakt med servicetorget.

Økonomisk støtte til kjøp og tilpassing av bustad

Husbanken, kommunen og NAV hjelpemiddelsentral disponerer økonomiske støtteordningar til tilpassing og kjøp av bustad for vanskelegstilte.

Tilskot til utredning

Tilskot til å dekke enkle undersøkingar av bustad og uteområde. Kan gje moglegheit for tilrettelegging og gje økonomisk overslag. Tilskotet er ikkje økonomisk behovsprøvd.

Tilskot til prosjektering

Tilskot til å dekke kostnader ved fagleg hjelp til prosjektering, for eksempel arkitekt. Tilskotet er ikkje økonomisk behovsprøvd.

Trappeheistilskot

Tilskotet er meint til å bidra til å løyse tilgjenge inn til, og inne i bustaden.

Tilskot til tilpassing av bustad

Tilpassing av bustad betyr å gjere den eigna til å bu i med nedsett funksjonsevne. Tilskot kan gjevast til husstandar eller enkeltpersonar som har behov



for tilpassing, også til eldre som ynskjer å utføre førebyggande tilpassingstiltak. Det kan gjevast tilskot til tiltak for å betre tilkomsten til bustaden og til ombygging.

Tilskotet kan nyttast både i eigd og leigd bustad. Tilskotet er økonomisk behovsprøvd.

Startlån

Startlån kan vere ein inngangsmoglegheit til bustadmarknaden for personar som ikkje får vanleg bustadlån eller som har vanskar med å bli buande i bustaden sin.

Lånet kan gjevast til kjøp, utbetring, oppføring av ny bustad og tilpassing av bustad. Det er kommunen som på vegne av Husbanken forvaltar denne låneordninga.

Kommunen har oppretta ei bustadrådgjevingsgruppe som reiser ut på synfaring for å vurdere behov og mogleheter for tilrettelegging av bustaden. Bustadrådgjevingsgruppa består mellom anna av ergoterapeut, bustadkonsulent og byggteknisk fagperson.

For å komme i kontakt med bustadrådgjevingsgruppa kan du ta kontakt med servicetorget.



Flott skøyteis på Nigardsbrevatnet 23. oktober 2016.
Foto: Olav Grov.



Hjartens takk for et meget
hyggelig opphold her på Tørvis!
Mater var ein oppleske!
Lykke til!

Sonja
21. juli 2016



Sonja på Tørvis

I juli 2016 hadde Tørvis Hotell den store æra av å ta imot Hennar Majestet Dronning Sonja. Dronninga var på vestlandsferie og hadde flotte dagar i Sogn og i Luster. Etter å ha overnattat i Fjærland reiste Dronninga mot Luster, og vitja Solvorn, Urnes og Dale på ein flott sommardag.

Dronninga viste ei stor interesse for kultur og reiseliv i Luster og var veldig interessert i å høre om drifta av hotellet, om Marifjøra og historia til staden. Om kvelden fekk Dronninga og følgjet hennar servert ein 4-rettars middag. På menyen stod sjøkreps frå Lustrafjorden, pannesteikt piggvar, ytrefilet av villsau og friske lustrabær. Dronninga vakna til strålende sol og sein frukost og fleire av våre flinke lokale tilsette fekk æra av å helse på Hennar Majestet. Den store Tørvis-familien tykte det var veldig kjekt å høre at Dronninga hadde hatt eit flott opphold.



Det var mykje folk under Eldredagen i år.

Sande og Lærdalsbrannen på Eldredagen

Det vart kultur og drama tett på kvarandre då Luster eldreråd markerte den internasjonale Eldredagen den 30. september på Eikum Hotell, dagen før den offisielle eldredagen.

Jakob Sande i ord og tonar stod først på programmet. Den som kan, og har framført Sande-dikta flest gonger her i Luster er nok den 86 år gamle Anders Kvam, siste års kulturprisvinnar. Han vart introdusert av Johannes Lad i eldrerådet. Med eit smil om munnen sa Lad at Anders nesten var å rekna som sogndøl sidan både mor og far hans kom frå Sogndal. I tillegg hadde Lad funne ut at Anders i snitt var 20 år eldre enn dei han opptrødde saman med; karane i Indre Hafslo spelemannslag, og som slettes ikkje var nokon ungfolk dei heller. Men alderen til tross: Anders kom godt frå det. Han deklamerte det eine Jakob Sande diktet føre og det andre etter - utan noko å sjå etter. Det same gjorde spelemannslaget

som starta med «Brita i bu», «Då Daniel drog», «Vestlandsvalsen» og mange andre av dei kjende dikta som har vorte sett tone til. Arne Nesheim batt det heile saman med å fortelje litt om livet til Sande.

– Det var i ungdomslaget i Luster eg byrja å opptre med dikta til Jakob Sande. Dei måtte ha noko program på ungdomslagsmøta, veit du, seier Anders til oss som sit ved sida av han ved bordet. – Det eg lærde utanåt då, hugsar eg så noko lunde framleis. Men det eg prøver å læra i dag, er gløynt på eit blank.

Luster er framleis Luster

Etter matøkta fekk lustraordføraren høve til å koma med ei helsing. Han var tydeleg glad etter å ha vore på Fylkesmannen sin presentasjon av det nye kommunekartet dagen før, der ho i forslaget sitt hadde lete Luster få vere i fred i denne omgang. – Det er ikkje til å undersla at dette gledde meg mykje, sa Kvalen. Publikum reagerte med spontan applaus. – Og ikkje minst gledeleg var det at Fylkesmannen i tydelege ordelag gav rosande omtale av



Etter at lustraordføraren (t.v.) hadde helsa forsamlinga gav han ordet til ordføraren i Lærdal, Jan Geir Solheim. Solheim fortalte på ein utruleg levande måte om den dramatiske Lærdalsbrannen i 2014.



Anders Kvam (86) deklamerte Jakob Sande utan manuskript.

Luster sin evne til å forvalte den relativt gode økonomien me har, og gjere den om til gode tenester. Det tykker eg fortener ein applaus, sa han. Og fekk det. Før han avslutta takka han for invitasjonen til eldredagen, og han kjem gjerne att neste år, sa han.

Drama

Skikkeleg drama vart det etter at lustraordføraren hadde introduserte og gav mikrofonen til lærdaordsføraren, Jan Geir Solheim:

- Det har ikkje vore nedbør i Lærdal på lange tider. Ikkje eit snøfnugg på bakken, ikkje ein vasspytt. Varmegrader. Vinden bles. Lærdal går inn i den siste timen av det som har vore ein helt vanleg laurdag: 18. januar i 2014. Mange har starta å gjere seg klare til å legge seg for natta. Dei som framleis sit oppe ser på Spelemannprisen på TV. Ei mor nede på øyri held på å legge den siste av dei tre borna sine på loftet. Ho sjølv ville også gå til køys snart, for ho skal vere med på eit kurs dagen etter. Då høyrer ho støy nede. Ho går bort til trappa og ser ned. Flammar frå kjøkenet. Ho reagerer

raskt, men lurar på om ho skal få dei to eldste ut først, og så inn att og hente den minste. Ho bestemmer seg for å ta med alle, og får alle ut skadefri. Men så vil ho inn att og hente noko. Då slår flammane mot ho. Det er uråd å komme inn!

Naboen høyrrer noko han trur er fyrverkeri. Han spring bort til vindauge og ser nabohuset brenn. Han ringer brannvernet før han spring bort til naboen for å varsle og hjelpe. Klokka er 10.53. Men før brannvernet kjem, kun minuttar seinare, er fleire hus i brann. Vinden fører eld- og gnistregnet fort vidare til andre hus.

Dette var starten på det som skulle bli den største brannen i Noreg etter 1923. Solheim fortel så levande og engasjerande at tårene står i augo våre. Om det ufattelege marerittet som skjedde, om alle dei gode hjelparane, brannverna som kom frå nær og fjern, Røde Kors, Sivilforsvar og alle dei andre frivillige. Om media som kom i hopetal, som var til både byrde og hjelp.

- Straumen vart bort, mobildekninga vart borte, og me var utan kommunikasjon. VG og TV2 hadde kome med 25 personar kvar. Dei rigga opp satellittsamband som vart til stor hjelp også for oss med å få ut naudsynt informasjon. Me fekk flytta beredskapsleiinga til Sjukehuset der dei hadde straum

ved hjelp av aggregat. Utan søvn i fleire døgn tærde på. Ei seng på fødeavdelinga var då god å ty til!

Men det var ikkje berre brannen som hadde råka Lærdal dei siste åra. Lakselusa Gyrodactylus salaris hadde nådd laksen i Lærdalselva. For Lærdal var det ein like stor katastrofe som om det ikkje kom snø i Hemsedal på mange år. Så kom Dagmar. Og så kom flaumane.

- Men noko godt har det likevel kome ut av dette, sa Solheim til slutt. - Alle desse katastrofane har ført lærdaolene nærmare saman. Dette skal ikkje knekke oss. «Stå på-viljen» er stor. Og gledelegaste av alt er at det gjekk ikkje med liv. Og det er også gledeleg å vite at ikkje nokon i huset der brannen starta kan lastast for brannen.

Takk

- Eg trur me alle her i salen hugsar enno i dag kvar me var, eller gjorde, då me høyrdje meldinga om brannen første gong, sa Sigrid Nyseth då ho med blomster og ein god klem takka lærdaordsføraren. Ho hadde no overteke leiarrolla, og gjorde seg klar å avslutta og takke for samkomma med dei nesten hundre frammøtte. Det gjorde ho med diktet «Dagen i dag» av Sigrid Wågan.



Indre Hafslo Spelemannslag tok for seg mange av Sande-dikta som er sett tone til.

Dagtilbod for demente

20. februar 2017 vert det starta opp eit nytt dagtilbod for personar med hukommelsessvikt og aldersdemens. Dette vil verte eit tilbod til brukarar som treng aktivisering. Det vil også vere med på å førebygge einsemd og isolasjon, og dessutan bidra til at brukarar kan bu lenger i eigen heim. Tilboden vil også vere ei hjelpe til dei som har tunge omsorgsoppgåver i heimen. Dagtilboden vil ha lokale i underetasjen på Hafslo omsorgssenter. Ein vil nytte aktivitetstova med tilhøyrande kjøkken, og hagen utanfor. Uteområdet vil i løpet av våren 2017 bli oppgradert til ein sansehage der ein kan ha ulike aktivitetar heile året. Dette vert eit tilbod måndag, onsdag og fredag frå kl 09.00-15.30. Brukarane vil bli henta og bringa heim med drosje.

Personalaet på dagtilboden vil vere samansett av personar med fagkompetanse innan demensomsorg.

Du finn søknadsskjema på heimesida til Luster kommune. Dersom du har spørsmål, kan du ta kontakt med fagleiar Margrete Søhoel Røneid på telefon 57 68 58 04.



Nye førerkort reglar

Frå 1. oktober i år kom det nye helsekrav for førerkort. Regelverket er endra og gjort tydlegare. Legane kan no avgjere om du fyller helsekrava eller ikkje - reglane er nøyne spesifisert. Grunnen til omlegginga var uklart regelverk, og fylkesmennene måtte handsame meir enn 15.000 dispensasjons-søknader pr. år. Målet er at dette talet skal ned. Mellom anna er det tydelege krav til medikament-bruk, bruk av rusmidlar og krav til oppfylging. Det må gjerast nye testar ved mistanke om kognitiv svikt.

Personar som fyller 75 år må ha nytt førerkort/helseattest. Har ein normal god helse, vil ein få førerkort for 3 år. Deretter 2 år og vidare kvart år. Regelendringa krev meir av fastlegane, og det vil bli sett av meir tid til slikt arbeid.

Dagsenteret for pensjonistar

som tidlegare heldt til i gamle skulehuset på Nes tysdagar, flytta i september til Grandmo Lagshus i Gaupne (gamle Grandmo barnehage ved Idrettshallen). No på torsdagar frå kl.10.00 – 15.00.

Dagsenteret er for pensjonistar som ynskjer samvær og sosialt tilbod. Vi har kaffikos, ymse underhaldning og varmt måltid, trim og song og musikk. Olaug Høyheim er fast leiar av Dagsenteret, og har med seg hjelparar til kvart samvær. Stor takk til alle frivillige til praktisk arbeid, underhaldning og musikk!

Påmelding

til Anita Kjørlaug på Frivilligsentralen, tlf. 456 65 954 før klokka 14.00 dagen før. Anita organiserer henting og bringing. Eigenbetaling kr 50,-.

Meld deg på!



Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve

Anna Leirmo
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd.
Luster

Liv Hunshamar
Avdelingssjukepleiar
*

Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk høve

Olaf Bjørk og Johanna Leirdal
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd.
Gaupne KA

Henriette Sandvik
Avdelingssjukepleiar
*

*Sjukeheimstenesta vil også takke
pårørende for blomehelsingar
og andre gåver som vi har fått i
løpet av året!*

Legen, blodprøven og resepten din

Luster legekontor har no 8 fastleggar. Fem er spesialistar i allmennmedisin og tre er i utdanning til dette. Der er for tida ledig kapasitet på tre lister.

På laboratoriet er det innført nytt rekvireringssystem. Dei aller fleste prøvane blir no rekvrert av legen på nett, ikkje på skjema. Alle blodprøvar blir merka med strekkodar før dei blir sende til laboratoria på sjukehusa. Der blir rekvisisjonen automatisk lasta ned. Vi unngår forvekslingar og manglande skjema.

Har du vanskar med å vite om du har meir resept på dine medikament, eller lurer du på kva som var resultatet når du var i kontakt med sjukehuset? Gå til www.helsenorge.no, logg deg inn og her finn du lett det du lurar på.



Transporttilbod 2017

Kommunane får kvart år midlar frå fylkeskommunen til Serviceskyss (SS) og transportteneste for funksjonshemma (TT). Tilboda er først og fremst retta mot eldre og/eller funksjonshemma, men Serviceskyssen kan nyttast av alle som treng transport og vanskeleg kan bruka buss.

Serviceskyss 2017

Det er inga form for godkjenning for å nyttja tilboden. På faste dagar og til fast tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønsker å nyttja Serviceskyssen må bestilla hjå Taxiservice 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før turen. Dei som treng å verta henta på tunet avtalar dette ved bestilling. Eigenbetaling kr 25 kvar veg.

OBS Rutene vert ikkje køyrde dersom ingen bestiller skyss.

OBS

Du kan bruka ei rute i motsett retning av det som er sett opp. T.d. følgja frå Gaupne til Luster dersom du har ærend dit, eller følgja ruta berre ein veg og nyttja annan skyss attende.

Annakvar eller kvar fjerde veke

går rutene til bygdesentra, der ein finn butikk, post , kafé ol. Kvar eller annakvar månad vil rutene gå til Gaupne frå alle delar av kommunen. Alle tidspunkt er ca-tider, fordi ein ikkje veit kor mange passasjerar som vil følgja ruta, og kvar dei skal hentast. Drosjen informerer om justering av rutetider.

RUTETIDER

Sørsida – Fortun – Skjolden

Første torsdag i månaden. Ruta hentar passasjerar frå alle delar av området. Ruta startar frå Skjolden ca. kl. 10, retur ca. kl. 13.

Skjolden – Gaupne

Følgjande torsdagar: 2.2., 6.4., 1.6., 3.8., 1.10., 7.12., 21.12. Frå Skjolden ca. kl. 12.30, retur ca. 15.30.

Nes – Luster + Lustrabygdi rundt

Første og tredje torsdag i månaden. Frå Nes ca. kl. 13, retur ca. 15.30.

Luster – Gaupne:

Saman med ruta Skjolden – Gaupne.

Gaupne rundt

Andre og fjerde mandag i månaden. Start frå Pyramiden ca. kl. 13, retur ca. kl. 16.

Jostedal

Lokal rute fjerde tysdag i månaden. Frå Gjerde ca. 10.30, retur kl. 12.30.

Jostedal – Gaupn

Følgjande datoar: 10.01., 14.3., 9.5., 11.7., 12.09., 14.11., 12.12. Frå Jostedal ca. 11.30, retur ca. 13.30.

Indre Hafslol

Andre og fjerde onsdag i månaden. Frå Falkegjerdet ca. kl. 13, retur frå Gaupne ca. kl. 16. Mollandsmarki kan også bestilla på denne ruta.

Solvorn – Hafslol

Andre og fjerde fredag i månaden. Frå Solvorn ca. kl. 9.30, retur kl. 13.30.

Hafslol – Gaupne

Følgjande datoar: 31.1., 28.03., 30.05., 25.07., 26.09., 28.11., 21.12. Frå Hafslol ca. kl. 10.30, retur ca. 13.30. Veitastrond kan også nyttja denne ruta.

Veitastrond – Hafslol

Fjerde tysdag i månaden. Frå Veitastrond ca. kl. 10, retur frå Hafslol ca. kl. 12. God tur!



Nøgde brukarar av serviceskys-sen. Sofia Leirdal (t.v.) og Ingrid Røneid. I midten drosjesjåfør Jan Erik Fuglesteg. (Arkivfoto).

Sykkelvogn ved omsorgssentra

Tidleg i haust fekk Hafslo, Gaupne og Luster omsorgssenter kvar si sykkelvogn. LIONS Luster ved eldsjel Leidulf Kvam, tok initiativ til innsamlinga, og i september vart dei tre syklane kjøpte inn. Målet er at pasientane skal koma meir ut og få

gode opplevingar. Finansieringa av syklane er eit samarbeid mellom Luster sparebank, Luster kommune, LIONS og fleire organisasjonar. Frivilligcentralen står som eigarar av sykkelvognene.

Frivillige frå bygda og tilsette ved omsorgssentera har fått opplæring som «pilotar» og kan hjelpe pasientar ut på sykkeltur i nærmiljøet. Frivilligcentralen koordinerer opplæring og drift av opplegget.

Transporttenesta for funksjonshemma

Tilbodet skal vera ein inspirasjon til «å koma seg utom døra», men det er på ingen måte meint å dekka heile transportbehovet til brukaren. Brukarar av dette tilbodet må ha ei godkjenning. Grunnlaget for godkjenninga er funksjonshemming i høve transport/utandørs forflytting over større avstandar. Søknad om å verta godkjend som brukar av transporttenesta kan sendast inn heile året. Søknadane vert handssama seks gonger årleg. Ved nyttår vert midlane fordelt mellom brukarane og lagt inn i brukarkortet elektronisk. Dersom kommunen får tildelt ekstraløyvingar, vert desse midlane fordelt omkring midtsommar, og lagt til i brukarkortet på same måte. TT-kortet skal ikkje brukast til å betala turar som i stor grad vert betalt av andre instansar, som t.d. tur til lege og fysioterapi.

Søknadsskjema og nærmare informasjon kan ein få ved å venga seg til Servicetorget på rådhuset tel.

57 68 55 00 eller ergoterapitenesta på Helsecenteret tel. 57 68 56 21.



Her er Nina i Luster på sykkeltur med to pasientar.

Sjukmeldingar

Det er mange myter og fakta om sjukmeldingar, og fastlegane ønskjer å informere både arbeidstakrar og arbeidsgjevarar om det som kan vere uklårt.

Sjukmelding - «rett til å vere heime frå jobben» eller «melding om behov for lettare arbeidsdagar»?

Sjukmelding kan gje rett til sjukepengar. Sjukepengar er ei velferdsgode som er heimla i Folketrygdlova. Det er eit viktig gode som, i inntil 52 veker, skal hindre at arbeidstakrar hamnar i økonomiske problem som følgje av sjukdom. NAV opplever at det er mange som misforstår sine plikter og rettar når det gjeld sjukepengar og sjukmelding.

Kva er eigentlig ei sjukmelding?
Ei sjukmelding skal vere ei fagleg vurdering frå lege på at det føreligg ein sjukdom eller skade som fører med seg behov for lette i arbeidslivet.

Myte: Når eg har stor om-sorgsbelasting for sjuke barn/ alvorleg sjuk ektefelle/sjuke foreldre, kan eg sjukmeldast.



Svar: Nei. Sjukmelding kan berre gjevast for pasienten sin eigen sjukdom/skade. Ein kan ikkje sjukmeldast for andre sin sjukdom om det gjeld ektefelle, barn eller gamle foreldre. Om-sorgsbelastning gjev ingen rett til sjukepengar.

Myte: Når eg er midt i eit samlivsbrot, har eg rett til sjukmelding.

Svar: Nei. Du kan berre sjukmeldast på grunn av din eigen sjukdom. Sjukdom i familie, sorgreaksjonar, konfliktar på arbeidsplassen, økonomiske problem, skilsmisse, dødsfall eller alminnelege bekymringar og livshendingar gjer i seg sjølv ikkje rett til sjukepengar.

Myte: Når eg er sjukmeldt 50 prosent, skal eg vere til stades på jobben halv tid.

Svar: Nei, sjukmeldingsprosenten seier ingen ting om kor mykje ein må vere til stades på jobben. Den seier berre noko om antatt funksjon. Nokre har kanskje behov for å jobbe i halvt tempo, men kan vere til stades heile arbeidstida. Andre kan jobbe i fullt tempo, men har behov for kortare dagar. Mange variasjonar er moglege.

Myte: Når eg er 100 prosent sjukmeld, må eg halde meg vekke frå arbeidsplassen.

Svar: Nei, det å vere sjukmeld er ikkje det same som å vere vekke frå arbeidsplassen. For mange kan det vere svært gunstig å oppretthalde den sosiale kontakten med arbeidsplassen i ein sjukdomsperiode, og gjerne gradvis delta i jobbaktivitetar eller få andre oppgåver etter kvart som ein blir friskare. Arbeidsgjevar

Vaksinering mot HPV-infeksjon

Frå 1. november i år får alle kvinner som er fødde i 1991 eller seinare tilbod om gratis vaksinasjon mot HPV-infeksjon.

Kva er HPV-infeksjon og kva gjer den?

HPV er ein klasse med virus som kan gje sjukdom i underlivet. Den vanlegaste er kjønnsvorter, medan den alvorlegaste er kreft i livmorhalsen. I Noreg har vi ca 300 nye tilfelle årleg, og omkring 70 dør kvart år av sjukdommen. Vi har i dag vaksinar som vernar mot dei typane av virus som gjer kreft i livmorhalsen. Vaksine mot HPV-infeksjon har vore del av barnevaksinasjonsprogrammet frå hausten 2009, og jenter fødd i 1997 var det første år-skullet som fekk tilbodet. Frå 1. november 2016 vart det gitt tilbod til alle jenter/kvinner fødd i 1991 eller seinare om gratis HPV-vaksine. Det betyr at tilbodet er retta mot dei som er fødde 1991-1996, eventuelt dei som er yngre og som ikkje har teke vaksinen. Tilbodet gjeld til og med 2018. Gutar er ikkje inkludert i tilbodet. Vaksinen er å få på Helsestasjonen, og alle som ønskjer dette må ta kontakt med helsesøster.



har ganske streng tilrettelegging-splikt, slik at den sjukmelde kan få delta på arbeidsplassen så raskt som mogleg. Ved deltaking i arbeid må sjukmeldingsgraden endrast.

Myte: Det er legen som avgjer om eg har rett til sjukepengar.

Svar: Nei, det er reglane i

Folketrygdlova som omtalar vilkåra for å få sjukepengar, og det er NAV som skal sjå til at reglane blir følgde og gje eller avslå sjukepengar. Eit av krava for å ha rett til sjukepengar er at du må vere arbeidsufør på grunn av eigen sjukdom.

Myte: Det er legen som bestemmer at eg skal vere sjukmeld.

Svar: Nei. Sjukmeldinga er berre eit råd frå legen. Det er pasienten sjølv i samråd med sin arbeidsgjevar som skal finne ut om det er hensiktsmessig med fråvær eller jobb og graden av dette. Det er NAV som vurderer om det føreligg rett til sjukepengar eller ikkje. Arbeidsgjevar kan og bestride og avvise ein sjukmelding, om arbeidsgjevaren kan legge fram gode grunnar til å tvile på sjukmeldinga.

Myte: Eg kan reise på ferie til utlandet når eg er sjukmeld.

Svar: Nei, ikkje utan å seie frå. Du kan som sjukmeld ta ut lovbestemt ferie og reise til

utlandet, men du får ikkje sjukepengar i den perioden. For å ha rett til sjukepengar er hovudregelen at du oppheld deg i Noreg. Dersom du reiser utanlands, må du krysse av for ferie på sjukmeldingsblanketten. Sjukepengane blir stoppa medan du har ferie, og perioden for sjukepengar blir forskyvd tilsvarande.

Myte: Om eg blir sjuk i ein ferie, kan eg gå til legen min når eg kjem heim og få sjukmelding slik at eg får til gode dei feriedagane eg var sjuk.

Svar: Nei, fastlegen kan ikkje tilbakedatere ei sjukmelding. Du må oppsøke ein lege på feriestaden og få attest på sjukdom derifrå. Når du kjem heim, sender du attesten til arbeidsgjevaren og ber om å få utsett dei feriedagane du var sjuk. Arbeidsgjevar kan eventuelt godkjenne eigenmeldt fråvær.

Myte: Eg kan få ei sjukmelding ved å ta kontakt med legen på telefon.

Svar: Nei, det er eit krav at legen undersøkjer deg personleg. I praksis kan dagen for telefonkontakt godkjennast om det føreligg gode grunnar for eit seinare frammøte på legekontoret. Eksempelvis kan det vere umogleg å få legetime før om ein dag eller to, eller det kan føreligge ein smittsam sjukdom som

legen ikkje ønskjer at du skal sitte på venterommet med.

Myte: Eg kan vere sjukmeld så lenge eg ikkje føler for å gå tilbake på jobben.

Svar: Nei. Det er mange tilstandar der ein kan føle det vanskelig å gå tilbake til jobben. All erfaring viser at dette oftast ikkje blir betre av å forlenge fråveret. Di kortare fråveret er, di lettare er det å komme tilbake. Ein jamn og hyppig kontakt med arbeidsplassen gjennom eit sjukefråvær minskar oftast desse problema. Folketrygdlova set som eit krav for sjukepengar at alle skal vere i ein grad av arbeidsaktivitet så tidleg som mogleg og seinast etter 8 vekers sjukefråvær.

Myte: Eg har rett til å gå sjukmeld i eitt år.

Svar: Nei. NAV vurderer fortløpande om du fyller kriteria til sjukepengar. Sjølv om du ikkje kan gjere den faste jobben, kan det vere at du kan gjere andre arbeidsoppgåver. NAV er pålagt å vurdere behov for anna arbeid/yrke etter 12 vekers sjukefråvær. Sjukmelde pliktar å sette seg inn i reglar og retningssliner. God informasjon og rettleiing om desse finn du enklast på nav.no/syk meldt

Korttidsavdelinga i Gaupne

Kommunen har eit godt fungerande akutttilbod (KAD-senger) lagd til Korttidsavdelinga (KA). Siste år blei det brukt 314 døgnopp hold som er godt over kravet på 281. Luster kommune innfriar dei krava som er sett i Samhandlingsreforma. Tilboden er godt informert og kjent blant innbyggjarane.

Vi opplever det som krevjande at vi ved akuttinnlegging ikkje har alle dei medikamenta som pasientane brukar fast. Som liten kommune kan vi ikkje ha eit stort medikamentlager av alle sortar.

Vi ønskjer at alle som blir innlagde i KAD-sengene, tek med seg sine faste medikament. Alle medikament som blir brukte i akuttbehandling vil alltid vere på lager.



Korttidsavdelinga: Sjukepleiarane Ole Petter Veum (t.v.) og Charlotte Haugen med lege Anne Kær Schmidt mellom seg.



Leiarsamling om sjukefråvær. I framgrunnen f.v. rådgjevar Gunvor Kjos-Wenjum, fagleiar Margunn Hillestad, Elen Kristine Skildheim Otterhjell frå NAV Luster og Trude Os frå NAV Arbeidslivssenter.

Leiarsamling om sjukefråvær

Luster kommune hadde den 30. september leiarsamling med mellom anna fokus på sjukefråvær og oppfølging. Det var eit flott innlegg om oppfølging og god dialog med leiarane rundt oppfølgingsplanar og om regelverk knytt til sjukefråvær.

Representantar frå NAV Luster v/Elen Kristine Skildheim Otterhjell og NAV Arbeidslivssenter v/ Trude Os har saman med kommunen sett fokus på dette område.



Illustrasjonsfoto.


Flyktningane vil få norskopplæringa i Gaupne

I fleire år har Luster kjøpt norskopplæring i Sogndal, og flyktningane i Luster reiser no til og frå Sogndal for å få dette tilbodet. Flyktningane i Luster har i dag normalt 3 heile dagar med skule i Sogndal og 2 dagar med språk-/arbeidspraksis i Luster. Dette tilbodet har vorte vurdert i haust, og kommunestyret har vedteke at frå august 2017 skal vaksne flyktningar busette i Luster få opplæring i norsk og samfunnsfag her i kommunen. Planlegging av tilbodet er i full gang.

NAV – Luster Marknadsarbeid - Marknadsteam Sogn

- Stortinget legg opp til at NAV-kontora skal ha tettare samarbeid med arbeidsgjevarane. NAV Luster opplever at me allereie har eit godt og positivt samarbeid med arbeidsgjevarane i kommunen. Utan deira innsats og samfunnsansvar gjennom både arbeids- og språkpraksisplassar, ville fleire stå utan daglege arbeidsretta aktivitetar, fortel Alf Ove Reime som er marknadskontakt i Marknadsteamet Sogn.

- Arbeid er meir enn berre jobb. Det å vera inkludert i eit fellesskap gjev oss både nettverk, kollegaer, positiv sjølvkjensle, betre helse og fleire moglegheiter. NAV ynskjer å kunne vera eit godt val og helst eit fyrsteval for arbeidsgjevarar når det gjeld rekruttering. For å kunna leva opp til dette er det etablert eit eige Marknadsteam.



Alf Ove Reime er marknadskontakt i Marknadsteam Sogn.

Marknadsteam Sogn

er eit samarbeid mellom NAV-kontora i Indre Sogn: Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal, samt NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane. Marknadsteam Sogn si målsetting er å formidle fleire til arbeid gjennom samarbeid om rekruttering i arbeidsmarknaden i sogneregionen. NAV-kontora i Sogn har over tid sett at det er hensiktsmessig å samarbeide på tvers av kommune-grensene for å yte gode tenester til arbeidsgjevarar og arbeidssøkjarar i ein felles arbeidsmarknadsregion.

Gjennom dette kan NAV-kontora søkje raskt opp og avklare gode kandidatar i heile sogneregionen, direkte til arbeidsgjevarar. Møglegheitene for å gjera betre arbeid i høve arbeidsgjevarar og arbeidssøkjarar er klart større gjennom eit slikt samarbeid. Som eit døme på dette vil NAV Luster trekkje fram at lokalkontoret her i Gaupne, i samarbeid med Avery Dennison (NTP), har fått eit slikt oppdrag for neste år. Dette er eit oppdrag som krev innsats frå alle NAV-kontora i regionen om vi skal lukkast med å levera godt arbeid, gode og avklara kandidatar til det arbeidsgjevaren treng. Marknadsteam Sogn vil ha fokus på korleis ein best mogleg kan samarbeide om ulike prosjekt i regionen, slik at NAV kan vera ein god leverandør av tenester og service både til den enkelte og til arbeidsmarknaden.

Er du ung, senior eller midt i livet?

Som ungdom og for deg som er midt i livet er det kanskje ikke så naturleg å tenke alderspensjon, men det bør du gjere! Sidan levealderen har auka, og truleg vil fortsette å auke, vil det faktisk påverke pensjonen din. Det vil seie at du må jobbe fleire år av livet for å få maks opptenning, og pengane vert fordelt over fleire år. Gjennomsnittleg levealder, når du skal ut i alderspensjon, har stor innverknad på pensjon din!



I 2011 tok den nye pensjonsreforma til å gjelde. Målet med pensjonsreforma er at fleire yrkesaktive skal stå lenger i jobb og det skal løne seg å arbeide.

Greitt å vite om pensjon for ungdom:

All inntekt som du har frå fylte 13 år er aktiv opptenning av pensjon. Dette gjeld for dei som er fødde i 1997 eller seinare. For deg som er fødd før 1997 gjeld opptenning frå fylte 17 år. Til dømes å vere avisbod eller å ha sommarjobb vil gi pensjonsopptening, det vil seie at du tener opp til pensjon frå første krone.

For deg som er midt i livet eller senior:

Undersøk kva du vil kunne få av framtidig pensjon. Dersom det ikkje ser bra ut, bør du finne ut av kva du må gjere for å komme betre ut av det. For å finne ut korleis du ligg an, kan du gå inn på nav.no – pensjon, der kan du finne ein del informasjon og bruke ein forenkla pensjonskalkulator. I tillegg kan du ta kontakt med NAV Pensjon tlf. 55 55 33 34 dersom du ikkje har funne svaret på det du lurer på.

Arbeider du i ei IA-verksemد (Verksemد som har inngått samarbeidsavtale om eit meir Inkluderande Arbeidsliv)?

Mange IA-verksemder har ei eller anna form for livsfase-/seniorpolitikk. Det handlar om kva som kan vere god personalpolitikk for at dei på arbeidsplassen skal ha det bra på jobb og vere motiverert til å gjøre jobben sin. Ikke minst at det er ei utviklende og inkluderande verksemد. Her har vi alle ei viktig rolle. Eit godt arbeidsmiljø får ein til i lag, og har du det godt på jobben, vil det kunne vere ein motiverande faktor til å stå lenger i jobb og på den måten få betre pensjonsopptening.

Språkpraksis på apoteket

Abdallah kom til oss på Ditt apotek Luster i juli månad. Han var med oss fire veker i sommarferien sin. No er han hjå oss to dagar i veka og på norskopplæring i Sogndal tre dagar i veka. Abdallah kjem frå Syria og kom til oss for å få språkpraksis, og jobbpraksis. Han er nemleg farmasøyt med utdanning frå universitetet i Russland, fortel Nina på apoteket. Abdallah er ein flott og positiv mann. «Det beste eg veit er å få deg til å le», var noko av det første han sa til oss på klar og tydelig norsk. Han viser stor framgang i norskopplæringa si. Han er ivrig etter å lære nye ord og setningar og kvir seg ikkje for å lesa norske tekstar for oss.

Apoteket er vel kanskje ei av dei bedriftene i Luster med størst grad av internasjonalt arbeidsmiljø. Me er to tilsette som er fødde og oppvaksne her i Sogn, elles er det tilsette frå Ungarn, Iran og Syria. Me har også hatt farmasøytar frå Egypt og Slovakia. Me har stor tru på at Abdallah vil klara seg bra her i Noreg. Han er inkluderande og gjestfri. Dette veit me på apoteket alt om då han inviterte oss heim til seg og serverte nydeleg, god middag med masse godt krydder frå Midtausten.

Som takk for alt han gir oss ynskjer me å gi positive opplevingar tilbake og tek han med på typisk norske aktivitetar. Til no har han vore med på loppemarknad, bygdaquiz og fjellturar. Det er vel ikkje mange frå Syria som har vore på Børrestein og Holmevatnet, men det har Abdallah!



Abdallah har språkpraksis på apoteket i Gaupne.



Her er Abdallah (nr. 2 frå venstre) saman med kollegaer ved Ditt apotek Luster.



«Til topps»

Den 3. – 4. juni var seks personar frå Luster på Galdhøpiggen i regi av Røde Kors sitt arrangement «Til topps». «Til topps» er eit integreringssarrangement der det fleirkulturelle og frivillige Noreg går saman. Turen er eit samarbeid mellom Røde Kors, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI), Kommunesektoren sin interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon (KS) og Den norske turistforening (DNT).

Tilbodet er eit årleg arrangement og er for alle immigrantar; asylsøkarar, arbeidsinnvandrarar og flyktningar i Noreg. I år hadde arrangementet 10 års-jubileum og 1000 personar frå heile landet var på toppen i strålande sol.

Røde Kors arrangerte i forkant av turen treningsturar og stilte med utstyr til dei som var med. Det var to frivillige og til saman sju som reiste til Lom 3. juni.



Luster satsar på friluftsliv

Alle kommunane i fylket har sagt ja til å bygge ei dagsturhytte, tre kommunar vil til og med ha to. Over 70 arkitektkontor har meldt si interesse for å vere med å teikne hytta.

– Fysisk aktivitet for alle er visjonen i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det er denne visjonen som ligg bak ideen om dagsturhyttene, seier Atle Skrede, idémakar og rådgjevar for fysisk aktivitet i fylkeskommunen. Slik det ligg an no, vil 29 dagsturhytter vere på plass rundt om i Sogn og Fjordane innan utgangen av 2018.

Lågterskeltilbod

Han gler seg over at alle kommunane no har bestemt seg for å setje opp ei dagsturhytte.

– Dette skal vere noko anna enn ein gapahuk, men heller ikkje ei overnattingshytte. Poenget er at folk skal ha ein stad å gå inn og å soke ly. Hyttene skal gjere det meir attraktivt å vere ute og gå tur. Det skal vere ein plass å byte kle, ete matpakka si og få litt varme i seg, fortel Skrede. Hyttene skal ikkje ha verken varme, straum eller sanitæranlegg. Dei skal vere 15 kvadratmeter og ha eit minibibliotek til bruk på staden. Det skal innehalde eit knippe nynorske bøker, først og fremst for barn. Dei



Dagsturhytta i Luster kjem på Ytre Eikum, ikkje langt frå Marifjøra. Planen er utvikla i nært samarbeid med Luster Turlag og DNT – Ung. Den vil verta eit løft for bruken av fjorden som arena for friluftslivet, og samtidig vert DNT-ung ein sentral partnar for drift og vedlikehald av dagsturhytta. Her viser grunneigar Johannes Vedvik fram plassen.

første hyttene skal monterast i mai 2017. Det er lagt opp til to-tre løft med helikopter og ein dags montering. Hyttene skal finansierast med spelemidlar og tilskot frå Sparebankstiftinga.

Populær arkitektkonkurranse

Dagsturhytta skal sjå lik ut i alle kommunane og skal teiknast av arkitekt. Fylkeskommunen lyste ut arkitektkonkurransen den 19. oktober, og det er sett ned ei

arbeidsgruppe til å plukke ut ein vinnar.

Desse sit i arbeidsgruppa som skal plukke ut vinnaren:

- Jan Tore Rosenlund, bygge- og eigedomssjef i fylkeskommunen
- Geir Afdal, bygge- og eigedomstenesta i fylkeskommunen
- Katrine Røkke Wilson, innkjøpsjef i fylkeskommunen
- Atle Skrede, nærings og kulturavdelinga i fylkeskommunen
- Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv (FNF)
- Pål Fidjestøl, Sparebankstiftinga
- ein utvald representant frå styret i Sparebankstiftinga
- Erling Bjørnetun, Luster kommune
- Sivilarkitekt/arkitekt MNAL, namn ikkje klart enno



DNT-Ung og Luster Turlag har ein base i Vedviki utanfor Marifjøra der kajakk-naustet ligg. Allereie i dag er dette ein stor ressurs for friluftsinteresserte og for aktiviteten på fjorden, seier Arne Fossøy (t.v.) som er økonomiansvarleg i Luster Turlag. Her er Arne saman med grunneigaren på Ytre Eikum, Johannes Vedvik.
Foto: Erling Bjørnetun.

LUSTRABADET

Det har vore ein fantastisk fin haust med mykje sol og varme temperaturar. Likevel er det mange som har vore innom Lustrabadet både i september og i oktober.

Taco-fredag og bade-disco
I haust har vi hatt badedisco kvar fredag. I tillegg har vi prøvd oss på tacobuffè den første fredagen i månaden. Vi kjem til å halde fram med badeisco fram til påske, medan tacobuffe'en tek pause fram til neste haust.



Halloween på Lustrabadet.

Halloween

Fredag 28. oktober pynta vi til Halloween og dempa lyset i heile badet. Det var mange barn som tok turen innom, og dei som jobba på Lustrabadet storkoste seg på jobb denne kvelden!

Morgonsymjing

Vi har mange flittige morgonsymjarar som kvar veke dukkar opp før hanen gjel. Dette er ein sosial og oppfriskande måte å starte dagen på. Etter symjeøkta er det mange som vel å ta fru-

kosten i resepsjonen på Lustrabadet.

Morgonsymjing onsdag og fredag kl. 06.30 - 08.30.



Kari Jensen vart vinnaren av «svøm langt» i år.

«Svøm langt»-kampanjen 2017 - Kroasia

1. januar startar vi opp att «Svøm langt»-kampanjen. Den lokale vinnaren i år vart Kari Jensen. Vi gratulerer henne so mykje, og ynskjer alle velkomne til å delta i den komande kampanjen som startar opp etter nyttår!



Lustrabadet har eigen vassgyminstruktør, og kvar onsdag kan du melde deg på Aqua-Splash.

Om kampanjen

«Svøm langt» er Norges Svømmeforbund sin årlege mosjonskampanje, som foregår i perioden 1. januar til 31. mars kvart år. Kampanjen skiftar namn kvart år avhengig av kva reisemål hovudpremien har. Målet er å skape gode mosjonsvanar for det norske folket ved å motivere dei til å bruke symjhallen som arena for fysisk aktivitet gjennom å få flest mogleg vaksne til å symje 10.000 meter i kampanjeperioden, og flest mogleg barn (under 13 år) til å symje 2500 meter. Det er ulike premiar, men hovudpremien 2017 er ein tur til destinasjonen Kroasia.

Det blir meir informasjon å finne i Lustrabadet og du kan registrere deg på Svømlangt.no.

NM i sklie i februar

Dei siste 3 åra har Lustrabadet arrangert kvalifisering for NM i sklie. Synes du dette verkar spennande, følg med på heimesida og facebooksida vår for å vite når kvalifiseringa for 2017 går av stabelen!

Trening i Lustrabadet

Har du lyst å vere med på organisert trening i Lustrabadet? Frisklivssentralen Sogn, LHL Luster og Revmatikarforeninga har trening i vatn ein gong i veka. IL Bjørn har symjegruppe og har symjetrening både for barn og vaksne! Ta kontakt med den respektive gruppa dersom

Kulturskulen og vegen vidare

Sogn Kulturskule er felles kulturskule for Leikanger, Sogndal og Luster. Det er Leikanger kommune som driftar Sogn kulturskule.

Ein mellombels politisk komité, leia av Morten Johan Vigdal har dette året vurdert kulturskuletilbodet til lusteringane, og kommunestyret gjorde dette vedtaket i september:

1. Luster kommune ber om tingingar med Sogndal og Leikanger om vidare samarbeid om Sogn kulturskule.
2. Luster kommune ynskjer å ta på seg vertskommuneansvaret for Sogn kulturskule. Rådmannen får fullmakt til å inngå tingingar med Sogndal og Leikanger kommune på dette, og legg resultatet fram i kommunestyremøtet i desember 2016.

3. Luster kommune bør legge opp til ein ny administrativ organisering av Sogn kulturskule. I tråd med rapporten «Kulturskuletilbodet i Luster kommune» bør det opprettast ei felles eining med felles leiar som får ansvaret for både kulturskule og øvrige kulturaktivitetar i Luster kommune. Kommunestyret ber rådmannen utgreie alternativ på slik organisering.

Det er ikkje teke endeleg avgjerd i saka.

Med bakgrunn i vedtaket ovanfor vert det no arbeidd med ein handlingsplan som skal syna vegen vidare for ein felles kulturskule. Rådmann og ordførar deltek i dette arbeidet. Kommunestyret vil så i desember ta stilling til om ein ynskjer å halda fram samarbeidet.

noko av dette kan passa deg. Lustrabadet har eigen vass-gyminstruktør, og kvar onsdag kan du melde deg på Aqua-Splash. For dei aller minste har me oppstart på babysymjingskurs 4 gonger i året. Det er kurs både for nybyrjarar og vidaregåande så framt me har nok påmelde.

Julegåve



God jul frå oss på Lustrabadet.

Lustrabadgjengen

15. august stengde vi badet og alle tilsette, både faste og tilkallingsvakter, var med på samling med trening på livredning, førstehjelp og hjartestartar. Det

er ein frisk og spenstig gjeng som jobbar på Lustrabadet, og du kan føle deg i trygge hender når du kjem hit på besøk! God jul og Godt Nyttår frå alle oss på Lustrabadet!



Terje Torgersen under føring i nyinnflytta robotfjøs for 25 mjølkekryr.

Storfeprosjektet er i gang

Med mål om å snu den negative utviklinga innan mjølkeproduksjon og storfekjøtproduksjon i kommunen, vedtok kommunestyret i junimøtet 2016 at det skal igangsetjast eit eige storfeprosjekt i Luster. Over ein fireårsperiode er det stilt til disposisjon ei samla ramme til prosjektet på inntil 1 million kroner.

Utviklinga innan kumjølkproduksjon har vore dramatisk i Luster siste åra. Frå tusenårsskiftet og fram til 2015 har talet på mjøleprodusentar vorte meir enn halvert, frå 130 til 56, og talet på mjølkekryr har gått ned frå om lag 1 450 til 900. Mjølkemengda pr. år har gått ned frå 6,8 mill. liter til 5,4 mill. liter i same perioden. Talet på «andre storfe», som er grun-

nlaget for storfekjøtproduksjon, har gått ned frå om lag 2 250 til 1 900.

Luster kommune har som mål å oppretthalda sin historiske del av den samla mjøkeproduksjonen i landet og å gjera seg nytte av det store udekka potensialet på landsbasis i dag innanfor storfekjøtproduksjon.

Begge produksjonane betyr mykje for Luster. I tillegg til den direkte sysselsetjinga i næringa, genererer dei positive ringverknader på andre område, som auka etterspurnad etter varer og tenester, viktig bidrag for å oppretthalda busetnaden og folketallet kringom i bygdene, produksjon av kortreist, rein mat, vedlikehald av kulturlandskapet som betyr mykje både for eigen trivsel og reiselivet, berre for å nemna noko. Ei ytterlegare avskaling i tal brukarar og produksjon vil svekka fagmiljøet og forsterka den negative trenden.



Far og son Torgersen ved mjøkeroboten. Mor Torgersen styrer datamaskina på kontoret bak glasruta.

Ordførar Ivar Kvalen ønskjer velkomen til oppstartsmøte i storfeprosjektet.



Det er nedsett ei styringsgruppe på tre personar for prosjekttet. Kjersti Sognnes frå TINE er leiar av gruppa og i tillegg deltek Tomas Kjørlaug frå produsentlaget og Steinulf Skjerdal frå Luster kommune.

Med bakgrunn i kommunestyresaka er det bestemt at retningslinene nedanfor skal gjelda for bruken av prosjektmidlane:

1. Dei respektive arbeidsgjevarane, TINE, produsentlaget for Luster og Luster kommune, dekker utgiftene prosjektarbeidet medfører for kvar sin deltakar i styringsgruppa.
2. Tenester utført av produsentrådgjevar i TINE vert fakturert etter medlemspris, TINE tek mellomlegget opp til full utgiftsdekning.
3. Einskildprodusentar får fullt ut dekka fakturerte kostnader gjennom prosjektet til vegvalrådgjeving og driftsplanning.
4. Den kommunale ordninga med tilskot til utarbeiding av teikningar vert vidareførd som i dag (75%). Utgifter til armeringsteikningar fell utanfor ordninga.
5. Kostnader til fellestiltak som informasjonsmøte, organiserete fagturar mv. skal avtalast særskilt med kommunen for kvart arrangement.
6. Tvil om forståing av retningslinene for bruken av midlane skal avgjeraast av rådmannen

Det opne oppstartmøtet for prosjektet vart avvikla på rådhuset i Gaupne 14. november. Her fortalte aktive bønder om sine produksjonar, «erfaringar etter 20 år med mjølk og ammekyr», «vegen frå båsfjøs til lausdrift med robot», og prosjektleiren for det fylkesdekkande storfeprosjektet delte sine tankar om korleis produsentane i Luster kan få del i den økonomiske utviklinga innan mjølke- og kjøtproduksjon. Salen deltok aktivt i idemyldring om korleis ein best mogeleg skal lukkast i prosjektet.

Me ser fram til fortettinga!



Steinar Schanke fortel om sine røynsler som mjølke- og kjøtprodusent.



Bjørn Rørtveit frå Stryn fortalte om vegen frå båsfjøs til lausdrift med robot.



Jo Helge Sunde frå det fylkesdekkande storfeprosjektet fortalte om korleis me kan auka verdiskapinga i mjølke- og kjøtproduksjonen i Luster.

Nye søknadsfristar og nytt søknadsskjema Produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid

I jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 blei partane samde om at det skulle gjerast endringar i måten jordbruksføretaka søker om produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid.

Nye søknadsfristar og teljedatoar

I mai 2017 vil det nye produksjonstilskotssystemet tre i kraft. I det nye systemet er det to søknadsfristar og to teljedatoar per år. Søknadsfristane er 15. mars (med teljedato 1. mars) og 15. oktober (med teljedato 1. oktober).

Når skal du søke i 2017?

2017 blir overgangsår med tre søknadsomgangar. Først er det søknadsfrist 20. januar etter «gammal» ordning. Fordi det nye søknadsskjemaet ikkje er klart til mars, blir det i staden

teljedato 1. mai og søknadsfrist 15. mai. Siste søknadsfristen er altså 15. oktober.

Nytt søknadssystem, men få endringar i regelverket

Det meste vil vere likt som tidligare for produksjons- og avløysartilskotsordningane. Det skjer ingen store endringar i regelverket som endrar tilskotsordningane eller måten tilskota blir berekna på. I tillegg til endring i søknadsfristar og teljedatoar, er det likevel enkelte endringar du bør få med deg.

Det vil ikkje vere mogleg å leveere søknad etter at søknadsfristen har gått ut

I det nye systemet vil det vere mogleg å endre opplysningane i søknaden i 14 dagar etter at søknadsfristen har gått ut, utan at ein får 1000 kr i trekk per

dag. Merk at du berre kan endre opplysningane i ein søknad som allereie er sendt inn. Dersom du ikkje har levert søknaden innan fristen, vil søknaden bli avvist. Dispensasjon frå søknadsfristen kan fortsatt bli gitt ved særskilte tilfelle.

Meir informasjon finn du på landbruksdirektoratet sine nettsider

Meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane og søknad om produksjons- og avløysartilskot i nytt, elektronisk søknadsskjema, finn du på nettsidene til landbruksdirektoratet, www.landbruksdirektoratet.no.

Til høgre finner du ei kronologisk oversikt over viktige datoar for deg som skal søke om produksjons- og avløysartilskot i 2017.

Status i drivepliktprosjektet

Som dei fleste kjenner til, og som tidlegare også har vore omtala i Lustranytt, seier jordlova at all dyrka mark skal drivast. Driveplikta gjeld i heile eigartida for ein eideom, utan tidsavgrensing. For dei som ikkje driv sjølvé, kan driveplikta oppfyllast ved bortleige av jorda til andre for minst 10 år om gongen. Dei som har gode grunnar for det, kan få dispensasjon frå 10-års regelen, til dømes der eigne born har planar om å starta opp drift i løpet av kortare tid.

Kommunane har ansvar for å følgja opp driveplikta. I tråd med dette er Luster kommune i gang med ei systematisk utsjekking av alle eideomar med dyrka jord i kommunen. Det er eit stort tal eideomar i Luster og difor eit omfattande arbeid å koma over alle. I løpet av inneverande år vil om lag halve arbeidet vera ferdig og ein tek sikte på at resten skal vera fullført i løpet av første halvår 2017.



Illustrasjonsfoto. Elda på Veitastrand.

Når skal du søke 2017?

Dato	Kva skjer på desse datoane?	Kva kan eg søke om tilskot for / registrere?
1. januar 2017	Teljedato for siste registrering i gammalt søknadsskjema. Det er mogleg å registrere søknad om produksjons- og avløysartilskot.	Tilskot til avløsing ved ferie og fritid for 2016. Husdyrtilstskot. Økologisk landbruk. Bevaringsverdige husdyrrasar. Distrikstilstskot frukt, bær og veksthusgrønsaker samt matpotet i Nord-Norge for kvantum levert til godkjent omsetningsledd i 2016. Driftstilstskot til mjølkeproduksjonen. Driftstilstskot til spesialisert kjøttfeproduksjon.
20. januar 2017	Søknadsfrist i det gamle søknadsskjemaet.	
1. mai 2017	Teljedato for første registrering i nytt søknadsskjema. Det er mogleg å registrere søknad om produksjonstilstskot.	Husdyrtilstskot (med unntak av bikubar). Tilskot til økologisk husdyrproduksjon. Driftstilstskot til mjølkeproduksjonen. Driftstilstskot til spesialisert kjøttfeproduksjon. Registrering av dyr som gir grunnlag for avløysartilskot. Registrering av dyr som gir grunnlag for tilskot for grovførareal.
15. mai 2017	Søknadsfrist for første registrering i nytt søknadsskjema.	
Juni 2017	Utbetaling etter søknad pr. 1.1.2017	
1. oktober 2017	Teljedato for andre registrering i nytt søknadsskjema. Det er mogleg å registrere søknad om produksjons- og avløysartilskot.	Tilskot til avløsing ved ferie og fritid for 2017. Husdyrtilstskot (med unntak av sau). Tilskot til økologisk areal og husdyr. Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar. Distrikstilstskot frukt, bær og veksthusgrønsaker samt matpotet i Nord-Norge for kvantum levert til godkjent omsetningsledd i 2017. Areal- og kulturlandskapstilstskot. Tilskot til dyr på beite. Tilskot til dyr på utmarksbeite. Registrering av dyr som gir grunnlag for avløysartilskot. Registrering av dyr som gir grunnlag for tilskot for grovførareal.
15. oktober 2017	Søknadsfrist for andre registrering i nytt søknadsskjema	
10. januar 2018	Frist for å etterregistrere opplysninger	Avløysarutgifter. Distrikstilstskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker samt matpotet i Nord-Norge. Tilskot til dyr på utmarksbeite. Dyr selt som livdyr (gris, kylling, kalkun).
Februar 2018	Utbetaling etter søknad pr. 1.5. og 1.10. 2017	



Libra-prosjektet.

Frå LMI i Gaupne til egyptisk, amerikansk og australsk havbotn

Oljebransjen opplever tøffe tider, men LMI i Gaupne har greitt seg særskilt godt i den tøffe marknaden. Etter ferien har dei tilsette arbeida overtid for å koma i mål med oppdragene. Det er gode tider for LMI trass i den situasjonen som marknaden er inne i.

LMI har i år starta på tre store oppdrag for høvesvis BP, ENI og Shell.

Libra-prosjektet

Det eine av desse prosjekta er for BP og skal leverast til eit olje- og gassfelt i Egypt som heiter Libra. Dette blei levert medio oktober i år og sysselsette store deler av kapasiteten i 2016. Dette består av fabrikasjon av stålstruktur og rør, i tillegg til at all testing har blitt utført på LMI sitt anlegg før levering. Dette betyr at begge desse

Zohr-prosjektet.



modulane kan sendast direkte til feltet i Egypt og installerast på havbotnen. Alt har blitt overvaka av kunde under testing hjå LMI, og all testing har gått føre seg utan forseinkingar. Det har vore voldsomt spennande og utfordrande at me får bygga dette heilt frå botnen av. Det vil sei både innkjøp, fabrikasjon av røyr og stålstruktur, og til slutt ei særskilt krevjande og streng testing før levering. Kvar modul veg ca. 30 tonn og gjekk først med spesialtransport til Gardermoen, og vidare med flytransport direkte til Egypt. Dette blir då frakta med ein av dei største flya i verda.

Zohr-prosjektet

Dette er eit stort prosjekt for ENI som skal til Egypt. Denne kontrakten starta me på i juni i år, og består av 6 røyrmodular. Desse blir sende til Bergen der dei blir montert inn i ein større stålstruktur og så frakta vidare til Egypt. Siste leveransen på denne skal leverast i november i år. I skrivande stund så har LMI fått kontrakt på levering av 4 nye tilsvarende modular.

Stones-prosjektet

I august starta LMI på fabrikasjon av røyr til ein stor pumpestasjon for Shell i Mexico-gulfen. Dette vil pågå til mars 2017 og skal stå på 3000 meters djupn i Mexico-gulfen, som er det djupaste oljefeltet i verda. Oppdraget set store krav til oss då det vil bli utsett for sterkt trykk på denne havdjupna. Det er ei ekstra stor fjør i hatten for LMI å få dette oppdraget. Me har vore gjennom ein lang kvalifisering-periode for å få på plass alle nødvendige sveiseprosedyrar som trengs her. Røyrdimensjonane er ca. 10 toms, og røyrvegen er ca 50mm tjukk.



Stones-prosjektet.

Greater Enfields

Sommaren 2017 startar me opp fabrikasjon av eit røyrssystem til ein ny pumpestasjon som skal til Australia. Dette er til ein ny sluttkunde, så dette er verkeleg spennande. Denne kontrakten vil vare til vinteren 2018.

Grunnen til at LMI klarar seg godt i den tøffe marknaden, er at me leverer gode produkt. Det finst prosjekt rundt om i verda trass den tøffe marknadssituasjonen som er for tida, og då er det særskilt viktig å vera der. Me har veldig dyktige arbeidrarar som leverer kvalitet gang på gang, og me leverer til rett tid. Det vert lagd merke til, og er viktige faktorar som gjer at kundar vel oss, og ikkje minst at dei kjem attende. Ordreneserven held seg stabil, og me får stadig inn nye ordrar. Framtida ser lys ut for LMI.





Solvorn. I til dømes Jostedalen, Solvorn, Skjolden og Marifjøra er reiselivsverksemde nokre av dei viktigaste bidragsytarane til arbeidsplasser og næringsutvikling i lokalsamfunna.

Reiselivsnæringa i Luster – sesongen 2016


Reiselivet i Sogn hadde 589.858 gjestedøgn i 2015, noko som gir eit samla reiselivsforbruk på NOK 758 millionar rekna ut frå nasjonale gjennomsnittstal (Innovasjon Norge). Luster stod for 16% av desse gjestedøgna (95.224) og ein omsetning i næringa på NOK 122 mill. I tillegg kjem verdiskapinga frå cruiseanløpa i Skjolden (NOK 10 mill.) og Flåm (NOK 150 – 200 mill.), og overrislingseffekten på andre næringar. Dette gjer reiselivsnæringa til ei særskilt viktig næring og verdiskapar for lokalsamfunna i Sogn og Luster.

Det er no totalt 205 Reiselivsbedrifter med i Visit Sognefjord-samarbeidet. Det er 62 reiselivsbedrifter frå Luster med i Visit Sognefjord-samarbeidet, 34 av desse er overnattingsbedrifter. Mange av desse bedriftene er viktige

institusjonar for lokalsamfunna i Luster, og er sentrale aktørar for næringslivet og servicetilbodet i kommunen. I til dømes Jostedalen, Solvorn, Skjolden

og Marifjøra er reiselivsverksemde nokre av dei viktigaste bidragsytarane til arbeidsplasser og næringsutvikling i lokalsamfunna.

Samla marked. Største utenlandsmarked 2016



Reiselivsnæringa i Luster har ei rekke dyktige drivarar som satsar profesjonelt og er godt organiserte gjennom organisasjonar som mellom anna Visit Sognefjord og Fjord Norge. Marknadene er i positiv utvikling, og framtidsutsiktene er gode for vidare vekst og investeringar i næringa. Ei av hovud-utfordringane er å sikre vekst utanom sommarsesongen, men her gir både sterkt vekst i skuldermånadene, produktutvikling og prosjekt i næringa, og nye marknadstiltak von om heilårleg utvikling av reiselivet i Luster. Med attraksjonar som Jostedalsbreen, Urnes stavkyrkje, Nasjonal turistveg Sognefjellet, vandretilboda, bygdene, eit rikt aktivitetstilbod, offensive næringsaktørar og ein kommune som ynskjer å satse på turisme ligg det meste til rette for ei framleis god utvikling for Luster som reisemål. Reiselivsnæringa vert stadig ei viktigare vekstnæringer nasjonalt, regionalt og for Luster, og marknadsutviklinga gir grunn til optimisme.

Marknadsutviklinga i Sogn 2016

Sogn hadde ei samla vekst frå 2015 - 2016 på 12.7% med


16% vekst frå internasjonale marknader og 4,3% frå Noreg. Gjennomsnittleg pris per disponibele rom auka med 16.9%, og romutnyttinga gjekk opp frå 73% til 83%. Veksten har vore størst frå Tyskland (+25.8%), Nederland (+31%), Storbritannia (+76.8%), USA (+9%) og Kina (+16,3%). Det er fleire overnattingar på hytte- og campingbedrifter enn hotellovernattingar. I april var samla vekst i Sogn på 38% frå 2015 - 2016 med 52% auke i utanlandsk trafikk, medan mai hadde ein vekst på 7.2% med 17.4% fleire utlendingar. Vintertrafikken i Sogn auka med 27.6% i januar – april, utanlandsveksten var på heile 92%.

Marknadsutviklinga i Luster 2016

Det er feilregistrering i statistikkgrunnlaget frå SSB, som gjer det vanskeleg å samanlikne 2015 og 2016. Aktørane sjølv melder om auke i sommartrafikken frå 2015 til 2016, medan SSB-statistikken syner ein samla nedgang på -6.9% tilsvarande 5.150 gjestedøgn fordelt med 5.108 norske gjestedøgn (-20%) og 42 utanlandske gjestedøgn (-0.1%). Visit Sognefjord har

vore i kontakt med SSB om sak, men grunna teieplikt har ein ikkje fått avklart eventuelle feilkjelder eller avvik i registreringane.

Den registrerte statistikken for 2016 syner at 94% av trafikken er ferie/fritidsreisande, med størst vekst frå Tyskland (+6%), USA (+25.5%), Sør-Korea (+249.7%), Italia (+77.7%) og Asia elles (26%). Størst tilbakegong er registrert frå Belgia (-21%), Danmark (-43.8%), Nederland (-3.8%) og Frankrike (-14.1%).



Overnattingsmåte for tilreisande i juni – august 2016.

Overnattingane på hytte- og campingbedrifter står for 74% av alle overnattingane i Luster. Gjennomsnittleg pris per disponibele rom auka med heile

75.3%, og romutnyttinga gjekk opp frå 61.2% til 78.3%.

Breheimsenteret har hatt om lag 35.000 besøkjande, og ein omsetningsauke på 17-20%. Jostedalen breførarlag hadde 14.152 gjester på tur i 2016, noko som er ein auke på 7%. Turar med fullt utstyr og familieturane hadde størst vekst, med høvevis 3.37% og 16.39%.

Samla marked. Største utenlandsmarkeder. 2016



Pågåande planarbeid

Det er for tida stor aktivitet når det gjeld utarbeiding av reguleringsplanar, både kommunale og private. Her er ei oversikt over kva planar som er under arbeid no. Alle planar som det er meldt oppstart for, eller planframlegg som er ute til høyring/offentleg ettersyn finn du på heimesida til kommunen. Alle som ynskjer det kan sende inn innspel og merknader til planane.

Dale sentrum – Luster

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for trafikale løysingar langs fylkesveg 55 for å få tryggare forhold for gåande og syklistar. I tillegg skal det leggjast til rette for kantstopp for buss, bussoppstilling for turistbussar, ryddig tilkomst og parkeringssituasjon for butikk og båthamn og friområde med tilhøyrande strandsone. Planen har vore utlagd til offentleg ettersyn. Etter høyringa har plan- og forvaltningsstyret vedteke at det skal etablerast einsidig busstopp ved gravplassen, og parkeringsplass i prestegardshagen (på nedsida av FV 55). Dette inneber at planen må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn. Forventa vedtak er våren 2017.

Heggmyrane

Reguleringsplanen omfattar eit område på heile 2600 daa på Heggmyrane. Området er vist i arealdelen i kommuneplanen. Hovudtrekka når det gjeld arealbruks i planområdet er å sikre areal til nedfartsløyper, skitrekk og langrennsløyper. I tillegg er Modvovegen sentral i planen og sikring av viktige kulturminne, bl.a. jernaldergarden på Modvo. Jordbruk og skogbruk er også viktig i området i tillegg til hyttebygging. Deler av området har vore regulert to gonger tidlegare. Store deler av dei mest sentrale



Dale – før.



Dale – etter. Slik skal det bli.

områda nær skisenteret er i gjeldande plan regulert til golf. Reguleringsplanarbeidet bygger på eit forprosjekt for området finansiert av Luster kommune og utarbeida av konsulentfirmaet Bystøl AS. Forprosjektet viser detaljplanar for framtidige skiløyper, rulleskiløype, stadianlegg, nedfartsløyper m.m. I seinare tid har det komme ynskje om å etablere sykkelløype i området, og denne er også innarbeida i framlegget til reguleringsplan.

Det skal byggast ny høgspenttrase frå Hafslo til Veitastrand. Denne vert lagt i jordkabelen forbi skisenteret. Traséen er ikkje heilt fastsett enno. Kabelen vil få eit klausuleringsbelte på

totalt 2,5 m til kvar side av sentrar kabel. Dette skal innarbeidast i reguleringsplanen.

Framlegg til reguleringsplan ligg ute til offentleg ettersyn. Med bakgrunn i dei signal som alt har komme før høyringsfristen er ute, kan det tyde på at det må gjerast endringar i planen som krev ny høyring. Forventa vedtak er våren 2017.

Gaupnegrandane/Engjadalselva

Reguleringsplanen omfattar eit område som er avgrensa av fylkesveg 55, veg ned mot kaien og gangbru over Engjadalselva. Formålet med planen er å dele industriområdet opp i mindre tomter med regulert vegrarkomst og å sikre eit område langs Eng-



Engjadalselva, Gaupne.

jadalselva som eit sentrumsnært friområde. Planen er ute til offentleg ettersyn med forventa vedtak desember 2016.

Reguleringsendring Galden - næringsareal for Hillestad Traktorservice AS

Luster kommune har utarbeida eit framlegg til endra reguleringsplan for eit 1,8 daa stort område for etablering av utstillingshall m.m. Området ligg nær fylkesveg 55 mellom busshaldeplassen på Galden og området for ballbinge/nærmiljøanlegg. Planen er ute til offentleg ettersyn med forventa vedtak vinteren 2017.

Gjerde i Jostedalen

Dette er eit planarbeid som har teke tid. Å få til gode løysingar i området for både gåande, køyrande, butikk, hotell, bustadhus og gardsdrift utan alt for store inngrep, viser seg å vera utfordrande. Fylkesvegen går tett attmed butikken, varelevering til butikk og turistbussar til hotellet må ha gode løysingar. Både butikk og hotell treng parkeringsplassar. Siktforholda i krysset til hotellet bør betrast, og det skal planleggast gangveg frå bustadfeltet til sentrum. Konsulent arbeider med å utarbeide eit utkast til reguleringsplan for området som skal ut på høyring. Forventa vedtak er våren 2017.

og med totalt 10 - 12 bueingar. Målet er at reguleringsplanen skal handsamast i kommunestyret 16.12.2016.

Privat reguleringsplan for Botn, Hafslo

Hans Nes Bygg AS har varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Botn på Hafslo. Føremålet med planen er å legge til rette for bustadbygging. Planområdet er om lag 85 daa. I arealdelen i kommuneplanen er det sett krav om høg utnytting for området, dvs. minimum to bueingar pr. daa omdisponert areal, om lag 130 bueingar.

Omregulering - Privat reguleringsplan for Salen, Gaupne
Luster kommune har tidlegare utarbeidd reguleringsplan for området Salen i Røslebakkane. «Salen utbygging AS» har kjøpt eigedomen og har m.a. mål om ei høgare utnytting med fleire bueingar og eit meir variert bustadområde med ulike bustadtypar enn det vedteken reguleringsplan legg opp til. Det vart varsla oppstart av planarbeidet i januar 2016.

Kommuneplan for Luster kommune

Arbeidet med å revidere samfunnsdelen i kommuneplanen startar opp vinteren 2017. Forventa vedtak er våren 2017.

Gjerde i Jostedal.







Utleige- bustaden i Fortun er ferdig

Kommunen har opparbeidd veg, vatn og kloakk til tre tomter på Drægni i Fortun. Stiftinga Luster utleigebustad har bygd på den eine tomta. Dei to andre tomtene blir lagt ut for sal på nyåret.

Utleigebustaden som er bygd i Fortun er lik dei som tidlegare er bygd i Jostedal, Veitastrond, Indre Hafslo, Solvorn, Hafslo og Gaupne. Bustaden har m.a. 2 soverom, veranda og carport. Bustaden er klar til utleige. Prisen for å leige er i 2016 kr. 6.676,- pr. månad.





Beheim 2 på Hafslo.

Bustadtomter

I kommuneplanen sin arealdel-en er det lagt nokre føringar når det gjeld bustadområda i kommunen. Det er mellom anna areal til bustadbygging i alle bygder, og tilrettelagt for god variasjon i bustadtilbodet for ulike aldersgrupper og personar med funksjonshemming.

Ledige tomter

Tomtesituasjonen pr. hausten 2016 er slik: Det er ledige einebustadtomter i fleire kommunale bustadfelt:

- Borhaug i Sølvorn,
- Beheim 2 på Hafslo,
- Bringebakkane og Kvitevollen i Luster og
- Haugåsen i Jostedal.

På feltet Beheim 2 på Hafslo vert det og bygd rekkehus.

I løpet av vinteren er det og byggeklare tomter i

- Høyheimsvik,
- Skjolden
- Fortun.


Gaupne

Alle einebustadtomtene som vart utlagde på Verket 2 i Gaupne er tildelte. Det er såleis ikkje ledige einebustadtomter i kommunale bustadfelt i Gaupne. På Verket 2 er det tildelt tomter for utbygging av rekkehus og lågblokk til private utbyggjarar. Det vil truleg bli oppstart av desse prosjekta i løpet av vinteren 2017. Det er og private selskap som bygger ut bustadfelt og eigedommar i Gaupne, mellom anna Salen og Øyagata 25.

For prisar og kart
for bustadtomt i kommunale felt, sjå heimesida til Luster kommune, bustadmarknaden, eller kontakt servicetorget.



Kvitevollen i Luster.



Gaupne. Vassbasseng Røslebakkane.

Eigedomsavdelinga: Nye prosjekt

Det er bygd nytt vassverk i Jostedalen. Vatnet vert henta frå eksisterande vasskjelde ved Jostedal skule og samfunnshus. All behandling som tidlegare var plassert under symjebassenget er no flytta ut. Dette er positivt både for kvalitet og utstyr.

Før jul 2016 vert det og nedsetjing av ny pumpestasjon for avlaupet frå skulen, kopla i lag med avlaupet frå samfunnshuset. Det vil bli noko graving og køyring i området ,men me vil sikre området så godt som mogleg.

Pumpestasjon og basseng i Gaupne
Like bak Prix har me sett ned ein ny pumpestasjon.

Det vil og bli skifta ut og sett ned nytt nedre vassbasseng i Røslebakkane.



Gaupne. Gamal pumpestasjon ved Coop Prix som skal bytast ut.



Nytt vassverk til Jostedal skule og samfunnshuset.



Me får positive tilbakemeldingar frå dei som har flytta inn i splitter nye leilegheiter i Gaupne.

Leilegheitene Løkjane bustadsameige

Leilegheitene i Løkjane bustadsameige i Gaupne er no ferdigstilte og tekne i bruk. Uteområdet med asfaltering og plen var siste hand på verket.

Tidleg i november er det flytta inn leidgetakrarar i 11 av 18 leilegheiter, og det pågår tildelingar for dei resterande leilegheitene

fortløpende. Luster kommune og styret i Stiftinga Luster utlegebustader er særskjønt nøgde med sluttresultatet. Tilbakemeldingane frå beboarane som har flytta inn er og gjennomgående positive.

Det vert arbeida med å etablere eit sameige.

Av bustadane er 12 utlegebustader utleigefinansiert. Dei siste 6 er finansiert med inntil 80% husbanklån og kan seljast. Dette vert truleg på nyåret 2017 når alle formalitetar er i orden.

Vis do-kultur

Mykje av driftsstogga og vedlikehaldet av pumpestasjonane er å fjerne våtserviettar, klutar og moppa som ikkje skal kastast i do, men i boset.

Framandelementa i avlaupsnettet kan føre til tilstopping av kommunale og private avlaupsleidningar med den konsekvens at kloakk kan komme inn i bustadene.

Ikkje kast i do:

- Bos som klutar, moppa, inkludert våtserviettar og eingongsklutar. Q-tips, bind, bleier, bomull, pussegarn m.m. skal ikkje kastast i do. Dette skal kastast i bossdunken
- Spesialavfall som olje og oljeprodukt, løysemiddel, tynnar, måling/beis, fotovæske, fargestoff og kontaktlim skal ikkje hellast i vasken eller i toalettet. Spesialavfall skal samlast opp og leverast på miljøstasjonen.
- Feitt og matolje i små mengde kan heimekomposteras eller sorteras i lag med matavfall. Matolje i store mengder skal samlast på kanner/flasker og leverast til avfallsmottak.

Bruk bossduken!



Vegutbetring Mjølver - Brevegen

Nigardsbreen er eit mykje besøkt turistmål, og kvar sommar er det stor trafikk av bilar og bussar fram til snuplassen ved brevatnet. Brua og krysset ved breelvi har vore eit vanskelig punkt for dei største bussane. Kvar sommar er det fleire som får problem på bruha og skrapar opp sidene på bussane. På Mjølversida er det ein skarp og bratt sving når ein skal inn på bruha, og på andre sida er der ei smal ferist i tillegg til svingete veg.

I haust har kommunen gjort tiltak for å løyse problemet. På Mjølversida er vegen løfta for å ta opp høgdeforskjellen inn mot bruha, og svingen mot breen er utvida. På nedsida av bruha er det lagt ned ny og større ferist, og vegen er retta ut. Me håpar at dette skal vere tiltak som lettar tilhøva for alle trafikkantar.

Entreprenør Arne Berget har gjort eit godt arbeid, og vart akkurat ferdig før første snøen kom. Asfaltering og skilting må utstå til våren 2017.



Gatelysa, neste vedlikehaldsrunde i januar/februar

Kommunen leiger Luster Energiverk til å skifte lyspærer i gatelysa ein gong for året, i sentrumsområde 2 gonger pr. år. Dersom det er enkelte lyspærer som ikkje virkar på ei strekning, vert dei skifta på denne vedlikehaldsrunden. Dersom det er ei lengre strekke der det ikkje er lys, vert det ordna når me får melding om det.

Du kan melde om feil på gatelys via «Fiks gata mi» på heimesida vår.

Adresser og skilting er litt forsinka

Har alle fått adresser?

Kven har ikkje fått?

Dei aller fleste som tidlegare ikkje har hatt adresse, har no fått brev om tildelt adresse. Det står att nokre eigedommar der me fyrst må omadressere dei som har adresse før me kan tildele ny adresse. Uansett så ber me om at dei som ikkje har mottatt brev om ny adresse tek kontakt. Omadressering vil bli utført i løpet av vinteren. Dette gjeld dei aller fleste som har gateadresse frå tidlegare.

Vegnamnskilta og tilvisingsskilta

Det er kommunen som skal setje opp desse skilta. Det blir gjort i løpet av 2017.

Husnummerskilt

Huseigaren sjølv skal setje opp husnummerskilt, slik det står i brevet som er sendt ut frå kommunen. Har du bestilt husnummerskilt av kommunen? Desse blir sendt deg i løpet av vinteren 2017.

Dei som ikkje har bestilt skilt frå kommunen må ordne seg skilt sjølve. Skilt kan tingast fleire plassar, pass berre på at dei tilfredsstiller krava som står i brevet du har fått frå kommunen. Skilta skal vere av typen reflekterande skilt som er lett å få auga på i mørket. Husnummerskilta skal plasserast slik at dei tydleg viser kva bygning/eigedom dei er knytte til, og vere plassert slik at dei er lett synlege frå gate/veg. Der huset ikkje er synleg frå vegen kan ein også setja opp eit skilt ved innkøyringa, t.d. på søppelskur eller portstolpe.

Adressetilleggsnamn

Fleire har søkt om å få bruke gards/grendenamn i tillegg til den adressa dei har fått. Tilde-



Døme på godkjent skilt.

ling av desse adressene vil også starte snart.

Det er ingen spesiell frist for å søkje om tilleggsnamn.

ATS

PRISAR PR. 60 L. SEKK:

BJØRK	KR. 77,-
FURU	KR. 62,-

(prisar sesongen 2016 - 2017)

RIMELEG TRANSPORT!

Andre produkt/tenester:

- **Kantinedrift, brød og kaker**
- **Skule- og jobbfrukt**
- **Vask** av tepper, moppar, arbeidstøy, utleige av dukar à 80,-
- **Grøntarbeid/ hagestell**
- **Gravstell (i Luster)**
- **Digitalisering («scanning»)**
- **Transport, flyttehjelp**
- **Postruter**
- **Lettare monteringsarbeid**
- **Strøsand i sekker**
- **Mottak av bomullstøy og**
- **Produksjon av tørkefiller**

RING ATS PÅ TLF.NR. 57 68 57 35

e-post:
odd.atle.stegegjerdet@luster.kommune.no

Ev. Servicetorget Luster kommune 57 68 55 00

Innføring av



Luster kommune har frå hausten 2016 innført eit telefonisk varslingssystem (sms-varsling/melding, e-post og talemelding til fasttelefon), som varslar alle innbyggjarane i område råka av t.d. vass-stenging, stengde vegar, kokepåbod eller varsling om test av brannsirener.


Kommunen legg vekt på god informasjon ut til deg som innbyggjar. Alle vil motta sms-varsling samtidig og i løpet av få sekund etter utsending. Det er også mogleg å høre talemelding om igjen om ein ønskjer det.

Det finst to ulike register som vert nytta for å nå deg som innbyggjar:

1. www.norge.no/oppdater-kontaktinformasjon. I det felles nasjonale kontaktregisteret tilrar me å leggje inn både mobiltelefon og e-postadresse då mange meldingar frå det offentlege vil gå føre seg her i framtida.
2. www.varslemeg.no, eit tilleggsregister du nyttar om du ønskjer å motta varsel for ei adresse som du ikkje er registrert med bustadadresse på, til dømes hjå dine gamle foreldre, arbeidsplassen din og liknande.

Privatpersonar: Så lengje du er registrert i «kontaktregister for offentlig forvaltning» på rett adresse er alt ok. Oppføringa gjeld for adressa du er registrert med i folkeregisteret. Du har sjølv ansvar for å sjekke ut og eventuelle opp eigne opplysningar.

Bedrifter: Bedrifter må registrere nøkkelpersonar ved å gå inn på



linken www.varslemeg.no. Du kan registrere så mange nummer du vil per adresse.

Merk: Varsling 24 varslar ikkje hemmeleg nummer. Dersom du likevel ønskjer varsel frå Luster kommune gjev ein tilleggsmelding på varslemeg.no. Kryss av for «hemmeleg nummer».

Dersom du ønskjer varsel for andre adresser enn bustadadressa di, kan du og nytte varslemeg.no. Dette kan gjelde barn på hybel, bustaden til foreldra dine eller ein fritidseigedom. Under tilleggsoppføring klikkar du: *legg til telefonnummer*. Skriv mobilnummer og trykk send. Då vil du motta ein kode på sms som du kan nytte for å logge deg inn. Legg så inn nye adresser der du ønskjer å bli varsla. Namn=den som bur på adressa du registrerer.

Alle einingar i eit burettslag eller sameige vil bli varsla dersom ein er registrert i «kontaktregister for offentleg forvaltning».

For å sjekke kva for adresser du får varsel for i tillegg til den offisielle bustadadressa som du er registrert med i «kontaktregister for offentlig forvaltning» gjer du følgjande:

Under «Tilleggsoppføring» klikkar du «Legg til ditt telefonnummer». Skriv inn ditt mobilnummer og klikk «send». Du mottar då ein kode på sms, koden du nyttar for å logge deg inn. Her ser du lista over adresser registrert på mobilnummeret ditt. Du kan i tillegg slette adresser eller leggje til fleire.





Gaupne brannstasjon

Luster kommune kjøpte i 2013 Øiene-anlegget på Røneidsgrandane. Verkstadbygget har gjennomgått ein omfattande rehabilitering innomhus, men det står att litt arbeid utomhus. Tilbakemeldinga frå Brann- og redningssjefen, og styret i Sogn brann og redning, er at dei er nøgde med korleis brannstasjonen i Gaupne no står fram, og at dei ser fram til å kunne ta heile anlegget i bruk til beste for innbyggjarane i Luster og alle eigarkommunane.

Resultatet av ombygginga/rehabiliteringa av bygget er at det er kome på plass nye garderober som stettar krav til skiten/rein sone, vaskerom og gode toalett- og dusjfasilitetar. Det er også lagt til rette for kvinner med tanke på eige toalett dusj mv. I tillegg har utrykkingslei- arane tilgang på eige kontor



der dei kan skrive rapport etter innsats. I 2.etg. er det kome på plass undervisningsrom med minikjøken. Her har det allereie vore gjennomført kurs der til saman 142 personar har delteke. Det er også eit kontor i 2.etg. Det er lagt asfalt utanfor som bidreg til eit betre innemiljø og enklare reinhald i vognhallen.

Utomhus skal det vidare etablerast brannøvingsfelt for heile Sogn brann og redning IKS. Her skal ein etter kvart kunne gjennomføre varme røykdykkarøvingar og øvingar for eksterne aktørar mv. Det er gjennomført grunnundersøkingar for å sikre at det ikkje er miljøgifter i grunnen, og det skal støypast ei plate som skal ha drenering til oljeutskillarar, dette for å sikre miljøkrav til slike øvingsfelt.

Stasjonen og øvingsanlegget skal vere med å styrke kompetansen for alle tilsette i Sogn brann og redning, samt eksterne aktørar som treng opplæring knytt til brannområdet.



Verdsarvkoordinatoren for Urnes stavkyrkje



FORTIDSMINNEFORENINGEN
The Society for the Preservation of Norwegian Ancient Monuments

- I august i år byrja eg i den nyopprettet stillinga som verdsarvkoordinator for Urnes stavkyrkje. Eg er 28 år gammal, og bur i lag med den vesle familien min på Hafslo. Eg har ein gut på tre år, ein sambuar, og i lag med oss bur også veslesystera mi på 19 år, fortel Sofie Klemzen.



- Før vi kom hit, budde vi i Vadsø i Aust-Finnmark, der eg jobba med flyktningar og asylsökjarar. Sjølv om Finnmark har vore fylket mitt dei siste åra, er eg på ingen måte ukjent i Sogn. Oppveksten min hadde eg i Sogndal, og i Undredal i Aurland kommune. Mine tre år på vidaregåande var ved linja teikning, form og farge på Luster vidaregåande skule. Etter vidaregåande studerte eg kunsthistorie ved Universitetet i Bergen. Eg har bestandig vore interessert i kulturminneværn generelt og stavkyrkjer spesielt, og eg skreiv masteroppgåva mi om Stavkyrkjeprogrammet sitt arbeid med Undredal kyrkje. Eg er svært lukkeleg over å få gå i gang med arbeidet mitt her i Luster. Eg føler at eg har kome meg heim, både fagleg og geografisk.

Urnes stavkyrkje var, i saman med Bryggen i Bergen, Noreg sine første innskrivingar på UNESCO si verdsarvliste, og kom med i 1979. UNESCO er ein del av FN, og vart skipa i etterkant av den andre verdkriegen. UNESCO skal jobbe for fred gjennom internasjonalt samarbeid om mellom anna forsking, utdanning og kultur. Arbeidet med verdsarvlista starta i 1972, og lista inneholder natur- og kulturarv som har ein verdi som strekker seg ut over landegrensene. Å vedlikehalde og å passe på verdsarven er ei felles oppgåve som alle stavar deler på, då den forvaltar den store historia om kloden og om menneskeheten. Verdsarven skal syne oss kva vi har til felles, og skal minne oss om at vi høyrer saman på tvers av nasjonalitet og statsborgarskap.

Det er med desse tankane i bakhovudet Urnes stavkyrkje vart skiven inn på lista. Ho er eit eksempel på stavkyrkjene, som vert sett på som den mest interessante og kompliserte forma for trearkitektur i den vest-Europeiske kultursfæra. Urnes stavkyrkje, idyllisk plas-

sert på Ornes i Lustrafjorden, representerer det ypparste av trearkitektur i Vest-Europa. Det er ikkje småtteri, og det gjer at vi i lokalsamfunnet har eit særskild oppdrag om å forvalte denne kulturskatten.

Urnes stavkyrkje vert eigd av Fortidsminneforeininga. Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane Avdeling drifter ho, og syter for bygningsmessig vedlikehald og vern, men verdsarvstatusen tilhøyrer alle. Det er med stor audijskap eg går i gang med arbeidet rundt verdsarven her i Luster, og håpet og planen er at vi skal kunne dra i gang aktivitetar og prosessar som skal kome lokalsamfunna til gode. Lokalsamfunn, drift og liv er det beste vernet for kulturminne, og bygdene som omkransar kyrkja er særleg viktige. No vert det arbeidd med å få på plass eit verdsarvråd, som skal bestå av representantar frå dei ulike interessepartane, forvaltningsnivå og bygdelag. Dette rådet skal i fellesskap kome fram til planar for utviklingsarbeid, og eg skal få glede av å drive desse planane framover.



Nytt frå Grandmo Lagshus og Frivilligsentralen



Grandmo Lagshus er no i full drift. Møtesal og møterom er ofte i bruk av ulike lag og organisasjoner.

Fram til no har ein bestilt/reservert møterom hjå Anita Kjørlaug v/Luster Frivilligsentral. Anita sit som leiar for husstyret og har ansvar for den daglege drifta.

Det har blitt jobba aktivt med å få på plass ein elektronisk møtekalender der alle kan logge seg inn og bestille møterom. Møtekalenderen vil i første omgang bli publisert på heimesida til Luster kommune.

Faste aktivitetar som er på plass er:

- Leksehjelp for elevar ved vidaregåande skule (måndag kl. 17.00-19.00).
- Internasjonal kvinnegruppe med fokus på norsk og sosialt samvær (måndag og tysdag kl. 10.00-12.00).
- Dagtilbod for eldre heimebuande over 67 år (torsdag kl. 10.00-15.00). Dette tilbodet var tidlegare i skulehuset på Nes.



Anita Kjørlaug er dagleg leiar av Luster frivilligsentral, og administrer Grandmo Lagshus.



Luster frivilligsentral har kontoret sitt i Grandmo Lagshus.





Mykje folk og god stemning i kafeen i gata heile dagen!



Nøgde pokalvinnarar i klassane størst fisk, flest fisk, minste fisk og størst samla fangst.

Fiskefestivalen på Hafslo

På vegner av Hafslovatnet grunneigarlag vart den årlege og tradisjonsrike fiskefestivalen på Hafslo arrangert laurdag 27. august. I år var det elevar med foreldre i 9.klasse ved Hafslo Barne- og ungdomsskule som stod for arrangementet. Fiskefestivalen er eit flott arrangement og ein populær fiskekongurranse, der både born og vaksne kan konkurrere om kven som får mest fisk, størst fisk, minst fisk mm. i Hafslovatnet. Det blir konkurrert i fleire ulike klassar. Mellom anna er det ei eiga klasse for born til og med 8.klasse der alle fekk premie. Deltakarane kan også velje om dei vil fiske frå land eller frå båt. Det er spesielt gledeleg å sjå at mange born og familiar brukar dagen til å delta i konkurransen, og prøver fiskelukka i og ved dei mange flotte fiskeplassane ved Hafslovatnet.

I tillegg til fiskekongurranse, var det mange aktivitetar i sentrum. Det var både lynlotteri, lykkehjul og tippekongurranse med flotte premiar. Det var også kafé med sal av kaffi, kaker, sveler, pølser og saft. Flott vær bidrog til at mange deltok i

fiskekongurranse, i tillegg til at mange små og store tok turen til Hafslo sentrum og skapte liv og røre og god stemning denne siste laurdagen i august.

Det vart registrert til saman 429 fiskar i kongurranse fra kl. 9 til 15.30. Samla vekt på fiskane utgjorde 61,162 kilo. Dagens største fisk var på 0,864 kg, og det var Magnar Moene som fekk på land denne. Han fekk dermed eit «napp» i vandrepokalen. Den minste fisken vog 0,015 kg (15 gram).

Hovudresultata vart som følgjer:
Størst fisk: 0,864 kg – Magnar Moene
Minste fisk: 0,015 kg – Ole Johan Orrestad
Flest fisk: 44 fiskar – Erlend Søhoel
Størst samla fangst: 5,444 kg – Familien Oksnes Skjerven

Det vart i tillegg trekt eit gavekort blant alle deltakarane, og Lilly Flåten vart den heldige vinnaren av dette.

Festivalen ga eit solid økonomisk tilskot til klassesuren til Polen neste haust for årets



“Dobbeltsiger” for mor og dotter, Martha og Marita Linde i dameklassa!

9.klassingar på Hafslo. Elevar og foreldre vil rette ein særskilt stor takk til dei mange lokale bedriftene som har bidrege med sponsoring av flotte premiar til fiskekongurranse, lynlotteriet, lykkehjulet og tippekongurranse.



Velfortent 1.premie til Martine Skjerven i klassa for born til og med 8.klasse!



Eit spennande anlegg, og ein fin møteplass.



Full fart då klatreparken i Gaupne vart opna.



Opning av klatreparken i Gaupne sentrum

Laurdag 10. september vart den flotte klatreparken i Gaupne offisielt opna av ordførar Ivar Kvalen. Klatreparken ligg sentralt i bygda berre eit steinkast frå Lustrabadet.

Gaupne bygdalag har hatt ansvar for framdrift og koordinering av arbeidet. Dei har hatt gode medhjelparar som har støtta klatreparken med økonomiske bidrag. Her kan nemnast Gaupne skule og Luster ungdomsskule som har gjeve jubi-

leumsgåva frå Luster sparebank til parken. Luster kommune, Gaupne helselag, Luster Energiverk, Luster sparebank, LHL og kull 2002 på Gaupne skule har også bidrege økonomisk. I tillegg må det nemnast at privatpersonar har stilt på dugnad for å få arbeidet gjennomført. Utan dugnadsinnsats hadde ikkje bygdalaget klart å gjennomføre dette prosjektet.

Klatreparken blir flittig nytta av elevane i friminutta. Og på ettermiddagstid er det blitt den nye møteplassen i Gaupne.

Til våren vil Gaupne bygdalag plante ved området med prydbusker og setje ut sitjegrupper. Dei er allereie i gang med å ta kontakt med ulike bedrifter for økonomisk støtte til benker og bord. Dette blir eit spleislag der også næringslivet blir involvert. Gaupne bygdalag har god erfaring med dette frå tidlegare.



Mange har stått på for å få klatreparken på plass. Her er nokre av dei. Frv. Leiar i Gaupne bygdelag, Anita Kjørlaug, entreprenørane Kjetil Ekrene (her: sambuaren Oddny Irene Norheim) og Knut Normann Fuglesteg. Alle foto: Erling Kvalsøren.



Ida Falkgjerdet Svåi er klubbleiar i Bergrosa 4H, og stod for snorklyppet som markerte at gapahuken er opna.

Gapahuken i Gaupne sentrum opna

Laurdag 22. oktober vart historisk for Bergrosa 4H. Haustfesten vart denne fine laurdagen lagt til naturmøteplassen 4H-klubben har opparbeida i sentrum av Gaupne, nærmere bestemt i Hanaskjeren.

Festen vart ekstra stor med inviterte bygdafolk for å markere at gapahuken var ferdig. Anlegget er bygt av klubbmemeiar og gode støttespelarar i foreldre og «sponsorar», og vert ein samlingsplass for dei som vil nytta denne flotte turstien mellom Hagabru, rett bortom rådhuset, og Engjadalsvegen ved Tandle.

Bergrosa 4H i Gaupne fekk også mykje ros frå dei frammøtte for ein storstila dugnadssinnsats og flott anlegg.



Alf Henning Evjestad helsar frå Luster Sparebank som alltid er god å ha på laget.

Lustramarknaden 2017

Kulturveka i Luster startar den 5. juni, og den store marknadsdagen, også kjend som «Lustramarknaden», er lagt til laurdag den 10. juni.

Om du eller laget ditt ynskjer medverknad i planlegginga, eller har konkrete tiltak som de ynskjer teke med i programmet, so meld inn til Erling Bjørnetun på e-post:
erling.bjornetun@luster.kommune.no.



Flott husflidsmesse

Luster Husflidslag har tradisjon for å skape god messestemning, og siste versjonen vart ikkje noko unnatak. Med rekordmange utstillerar og stor interesse frå publikum vart det ei flott oppleving.

Då Lustranytt var innom og tok pulsen på messa, var det regis-

trert 250 vaksne publikumarar. Av utstillinga registrerte me god spreiling i tema og varer, og fleire utstillerar kommenterte kor viktig det er å få visa fram både nye produkt og meir tradisjonelt arbeid.

Tilreisande utstillerar frå andre kommunar var i fleirtal, og på

stemninga å dømma vert det nok ikkje vanskeleg å invitere desse attende neste haust. Utstillinga «frå sau til sokk» retta søkelyset på bruk av ull, og her fekk publikum demonstrert alt frå ulike ull-typar til karing og spinning og sjølvsagt strikking.



Luster Husflidslag hadde ei eiga temautstilling «Frå sau til sokk». Her viser Marit Elvekrok som medlem i messenemnda fram ull som skal bli til garn for så å forsyne rutinerte strikkarar, her representert ved Bjørg Hovland (delvis skjult bak tavla), Synnøve Urnes og Valborg Heløy. Jorunn Ugulen (lengst bak) var ein av fleire ivrige «læresveinar».



Mange gledde seg til trekkinga av vinstane som vart lodda ut. Hovudvinsten var eit stort, flott «lappeteppe» der fleire produsentar hadde medverka med stjernemotiv i applikasjonsteknikk.



Marianne Hansen frå Hafslø er godt kjend for messepakumet, og salsutstillinga hennar fekk mykje positiv omiale.



Pottemakar Katalin Maria Bakke frå Sogndal har teke fagbrev som pottemakar og viste stolt fram eit utval av produkta sine.



Hilde Iren Rust frå Lærdal hadde også i år ei svært innhaldsrik og variert salsutstilling.

Sogn Kulturskule 10 år

Sogn Kulturskule feira jubileet med ei festførestilling i storsalen i Sogndal kulturhus mandag 7. november der både noverande og tidlegare elevar deltok: Tone Damli, To purke og ein gris, Sindre Steig, Krudlalaget, Henrik Hovland, Ungdomskoret Røyst, Endre Aaberge Dahl, Distriktsmusikarane i Sogn, og mange, mange fleire.

Hausten 2006 skipa kommunane Luster, Sogndal og Leikanger ein interkommunal kulturskule som fekk namnet Kulturskulen i Sogn. Namnet vart endra til Sogn Kulturskule i 2011 og det har dei heitt sidan.



Jubileumskonserten til Sogn Kulturskule. Frå Luster deltok m.a. felespelarane Kristi og Tora Bjørhusdal frå Jostedal.
Foto: Sogn Avis/Sigrid Nese.



Fossabru

Fossabru vart høgtidsamt opna att, for sikkert tredje gong, laurdag den 17. september. Svein Vigdal (t.v.), Erling Bjørnetun og Sigbjørn Aasen stod for den formelle snorklyppinga.

Etterpå vart det både rømme-graut og spekemat med kaffi og «kvit dame» i “Underhuset” hos Kåre Reidar Aasen. I den på-fylgjande stunda med utveksling av eldre vegsoge og erfaringar med flaum og brubygging, fekk

dei frammøtte ei overraskande vitjing av ein rallar med sjølv-laga «rallarvise» om Fossabru. Det skulle seinare vise seg at «rallaren» var Per Birger Lomheim med lang fartstid i Statens Vegvesen.

God song og traktering sytte også Asbjørg Ormberg, Per Fossøy og Marit Elvekrok for. Prosjektet med restaurering av Fossabru er eitt av tiltaka i den store og omfattande planen om



å rusta opp gamlevegen gjennom Jostedalen frå Døsen i Luster og like fram til Viva der rutenettet til DNT overtek løypestafetten og fører oss like inn i Jotunheimen og Breheimen.

Vil du vere verje?

Fylkesmannen har trøng for fleire verjer til nye oppdrag, og ønskjer å komme i kontakt med deg som har lyst til å gjere noko for andre.

Dei som treng hjelp til å ivareta sine eigne interesser, anten økonomisk eller på annan måte, kan få oppnemnt verje. Verja tek i vare interessene til personen og handlar på vegne av denne i samarbeid med den det gjeld. Vi har behov for verjer i heile fylket, men akkurat no spesielt i kommunane Årdal, Askvoll, Aurland, Balestrand, Bremanget, Eid, Flora, Førde, Floppen, Høyanger, Jølster, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Stryn og Vågsøy.

Kva krevst det av deg for at du kan bli oppnemnt som verje? Du må vere eigna for det aktuelle oppdraget. Moment vi legg vekt på er til dømes om du er flink til å handtere utfordringar, har kjennskap til regelverk og offentlege instansar, er flink til å formulere deg, har orden i eigen økonomi og likar å gjere noko for andre. Du må ha god vandel, og må legge fram politiattest. I tillegg vil Fylkesmannen gjere ei kredittvurdering av dei som ønskjer å vere verje, og vi gjennomfører ei samtale med den som vil vere verje på telefon. Verjeoppdraga er ulike. Vi har difor behov for å komme i kontakt med personar med ulik bakgrunn, utdanning og erfaring.

Opplæring og oppfølging

Fylkesmannen sørger for nødvendig innføring i oppdraget ut frå innhald og omfang, og skal sjå til at du utfører vervet på ein forsvarleg måte. Ved gjennomføring av vervet skal du rádføre deg med Fylkesmannen

når du har behov for det. Dette er særsviktig dersom du er i tvil og før du tek store avgjerder som betyr mykje for den som har verje.

Slik unngår du å ta avgjerder som ikkje let seg gjennomføre eller kan medføre ansvar. Fylkesmannen gir også rettleiing om kvar du bør vende deg, dersom det du lurer på ligg

utanfor Fylkesmannen sitt kompetanseområde.

Ta kontakt med Fylkesmannen for nærmare informasjon, dersom du ønskjer å bidra for andre ved å vere verje.



1. februar ny søknadsfrist for hovudopptak i barnehage

Framlegg til reviderte barnehagevedtekter for Luster kommune vart handsama og godkjend i Formannskapet 27. oktober. Dei nye barnehagevedtektena gjeld frå 1. januar 2017. Dei nye vedtektena tek mellom anna opp i seg dei nye nasjonale reglane om at barn som fyller eitt år seinast utgangen av oktober no har rett til barnehageplass.

Dei nye barnehagevedtektena er ei tilpassing til nye nasjonale reglar i tillegg til at det har vore trøng for å presisera og justera somme punkt i dei tidlegare vedtektena. Dei største endringane er:

- Ny søknadsfrist for hovudopptak og for endring av tildelt barnehageplass er 1. februar.
- Ny søknadsfrist for suppleringsopptak er 1. november.
- Barnehageåret startar 15. august.
- I utgangspunktet må barn fylla eitt år den månaden dei byrar i barnehagen.
- Frå og med januar 2017 vil foreldrebetalinga gjelda per kalendermånad, ikkje frå 15. til 14.

i påfølgjande månad slik det er no. Betalingsfri periode vil vera 15. juli – 14. august som før.

- Endringa i fakturereringa gjer at endring av datofrist for oppseiing no vert før 1. i månaden i staden for før 15. i månaden.

- Oppstart i barnehagen utanom hovudopptaket vil vera frå den 1. i månaden. Dette gjeld også suppleringsopptaket januar 2017.
- Barn som er tildelt plass i nabokrinsen fordi det er fullt i heimekrinsen vert automatisk ført over til heimekrinsen ved neste hovudopptak.
- Det vert gjeve redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i samsvar med nasjonale føringar.

TRANSPORT

for ungdom mellom 13-19, og busett i Luster

Du kan nytte bestillings-taxi til:

alle opne arrangement for ungdom i Luster kommune, også til trening/øving, møte og kurs

NB! Nytt reglement gjeld fra 5. mai 2013:

- Eigenandel kr 50 pr. pers. kvar veg for bestillings-taxi i Luster.
- Andre i same taxi, men som er eldre enn 19 år, betalar full pris.

Minimum tal personar som skal følgje taxi er: 2.
Opplys om at du vil nytta dette tilbodet når du tek kontakt med:

Taxisentralen i Gaupne, tlf. 57 68 16 20

Transporttilbod for ungdom

- For ungdom 13-19 år, busette i Luster kommune.
- Gjeld transport til og frå alle opne arrangement for ungdom i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs.
- Minimum 2 passasjerar.
- Sei ifrå at du skal nytta ordninga når du tingar taxi.
- Eigenandel kr 50 pr person kvar veg for bestillingstaxi i Luster.

Andre passasjerar eldre enn 19 år betalar full pris.



Ordføraren oppfordrar:

Handle lokalt

Det går mot jul og julehandel. I Luster har me eit godt butikktilbod. Det er nærbutikkar med god kvalitet og service i grøndene våre. I

kommunesenteret har Pyramiden og Coop eit breitt tilbod av ulike typar forretningar, her får ein det meste som trengst. Varehandelen er ei viktig næring i Luster. Eg siterer gjerne kommunalminister Jan Tore Sanner som i brosjyra «Handle lokalt» seier: «Nærbutikken er nav i lokalsmiljøet. Nærbutikkar er viktige for å skape gode lokalsamfunn, med vekst og verdiskaping».



Nærmiljøanlegg. Ballbingen i Luster vart opna 13. juni 2010, men allereie no i 2016 har det synt seg trong for rehabilitering av anlegget, noko som syner stor aktivitet. F.v.: banksjef Oddstein Haugen, styreleiar Svein Tore Heltne og «ballbinge-entusiast» Olav Kjos-Wenjum.

Anlegg for idrett og friluftsliv

Søknader om tilskot til finansiering av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er knytt til kommunen sin egen plan på dette området, og tilgangen på spelemidlar frå overskotet av Norsk Tipping. Søknader må ha idrettsfunksjonell godkjenning i kommunen før søknaden kan sendast vidare frå Luster kommune.

Av desse søknadene er det fleire anlegg som det må søkast om tilskot til på nytt av di søknaden ikkje nådde opp i 2016. Då Lustranytt skulle gå i trykken, låg det føre utarbeida planar for desse anlegga og med plan om ferdigstilling i 2017:

Nærmiljøanlegg:
Klatrepark Hafslo, Akebakke Hafslo, Streetbasket

Hafslo, Ballvegg Hafslo, Hindrerløype Hafslo, Bordtennis (utandørs) Hafslo, Lysanlegg (til alle nærmiljøanøegga på Hafslo barne og ungdomsskule), Tursti Kjos – Mollandsmarki, Skileikanlegg på Yttri Fortun, Lysanlegg på Yttri Fortun, Tursti Stuaflåten på Mollandsmarki, Ballbing (rehabilitering) Luster.

Ordinære idrettsanlegg:
Overvakingsanlegg Lustrabadt Gaupne, Tursti Feigefossen Feigum, Tursti Døsen – Jostedal, Dagsturhytte Ytre Eikum, Tursti Krossen – Molden Mollandsmarki, Skytebane innandørs Hillstadstølen Hafslo.



Planarbeidet for nytt startpunkt og opprusting av stien frå Krossen til Molden er ferdig og vil danne grunnlaget for søknad om spelemidlar i 2017.



Ordinære anlegg. Turstien frå fylkesvegen og opp mot Feigefossen er bygt etter kommunal plan for anlegg for idrett og friluftsliv, og vil få tildeling av 50% spelemidlar i 2017.



Skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2017– 2018

Månadane:

AUGUST

Første skuledag: måndag 21. august

SEPTEMBER

OKTOBER

Haustferie mandag 9. til fredag 13. oktober (v. 41)

NOVEMBER

DESEMBER

Siste skuledag før jul: torsdag 21. desember

JANUAR

Første skuledag: onsdag 3. januar

FEBRUAR

Vinterferie: 19. februar – 23. februar(veke 8)r

MARS

Siste skuledag før påske er fredag 23. mars

Første skuledag etter påske: tysdag 3. april

APRIL

MAI

Elevfrie dagar: 11. og 18. mai

JUNI

Siste skuledag : fredag 22. juni

Sum:

Vedteke i Skule- og barnehageutvalet 25. august 2016.

Bekka Skaasheim
Fylkesdirektør for opplæring

Tal skuledagar:

9 dagar

21 dagar

17 dagar

22 dagar

15 dagar

21 dagar

15 dagar

17 dagar

17 dagar

16 dagar

190 dagar

Anders J. Moen
Leiar i Skule- og barnehageutvalet
(repr. for kommunane)

Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Ei oppleving av dei store!

Kven kunne tru at ei lita bygd som Gaupne i Luster kommune kunne gjennomføre eit arrangement som Landsfestivalen i gammaldansmusikk, og som i år kunne feire 30 år? Men det gjorde dei, og det til gangs heile fem dagar til endes, 3. – 7. august! Om veret ikkje heile tida var av det beste, strålte den musikalske sola, og dansefoten leika lett bortover dansegolvet både i Parken og i Gaupnehallen der dei fleste konkurransane føregjekk. Og her var eit dansegolv ingen tidlegare hadde sett maken til. Johannes Kjos som hadde hatt ansvaret for golvet fekk mest ikkje gjort anna enn å takke for alle dei rosande orda han fekk kvar han enn gjekk, og smilte frå øyra til øyra. Dette var stort! Og når arrangementa samla heile 2500 eksemplariske personar kvar dag, kva meir kunne Gamlebanken Spelemannslag og Jostedal Spel- og dansarlag som vertskap ynskja seg?



Gratulerer med vel gjennomført Landsfestival i gammaldansmusikk! Arrangørane. Frå venstre: Arve Bjørn Røneid, Oda Bolstad, Åslaug Timenes Bell, Ingrid Andersen Heieren, Hans Erik Lingjerde, Asbjørn Røneid og Synnøve S. Bjørset.



Jostedal spel- og dansarlag under opningskonserten i Parken.



Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne,
Noreg/Norway



Heimesida til Luster kommune

Heimesida; hjelp oss til å bli betre

Luster kommune har saman med Sogndal og Leikanger i haust arbeidd med nye heimesider. Målet er å gje god informasjon om dei kommunale tenestene, og at du enkelt skal finne fram ved hjelp av å søke i søkerfeltet.

Me er opne for dine tilbakemeldingar. Viss du svarar på «Fann du det du leita etter?», kan du hjelpe oss til å få ei betre side.

Opningstider i jula:

Luster legekontor

27.- 30. des ope kl. 08– 15.

Legevakt 116117.

Teknisk drift

Teknisk drift har vanleg arbeidstid i romjula kl. 07.30– 15.00.

Kommunalteknisk vakt 481 02 120 kan nyttast til meldingar/ beskjedar om viktige hendingar på vegvatn- og avløpsnettet.

Simas - miljøstasjonen

Onsdag 28. des kl. 12-18

Rådhuset

27.- 30. des ope kl. 09 –14.

NAV

28. des stengt, tlf. 55 55 33 33 kl. 10-15.

27., 29. og 30. des ope kl. 10 – 14, tlf. 55 55 33 33 kl. 10-15.

Flyktningstenesta, (27.-30.des) tlf. 41417031, kl. 10-15.

Biblioteket

Jule- og nyttårshafta: stengt.

27.- 30. des ope kl. 11.00–14.00



**Følg Luster kommune
på facebook**

LUSTRA^{nytt}

Nr. 2 - 2016

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukhuset Førde. Redaksjonen avslutta 14. november 2016.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Luster kommune, Lustranytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: Frå FriMoro sommaren 2016. Andrea Årøy (t.v.) og Thea Aarøy.
Foto: Britt Veum Hauge.

Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT

Tlf. 116 117

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk).

Mob. 48 10 21 20

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann

Tlf. 112

Ambulanse

Tlf. 113